



MØTEBOK

Styremøte i Røldal Fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 20.02.2017 klokka 1800

Stad: Biblioteket, Røldal skule

Desse møtte: Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke, Randi Legård, Anne Marie G. Rabba og Lars O. Seim (vara for Helleik Rabbe)

Meldt forfall: Helleik Rabbe, vara Lars O. Seim møter

Saker til styremøtet

Sak 01/17: Referat og meldingar

Sak 02/17: Prisar på fiskekort i Røldal SA

Sak 03/17: Orientering om saker frå NFS

Sak 04/17: Orientering om CWD (Skrantesjuke)

Sak 05/17: Salgsmåte for villreinkort

Sak 06/17: Datalagring, løysing for framtida

Sak 07/17: Handsaming av fjellstyresaker, habilitet mm

Sak 08/17: Motorferdsle på Røldal SA sør for E134

Sak 09/17: Røldalsmarknaden

Sak 10/17: Eventuelt

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka er i samsvar med det som kom fram på møtet.

Torleif Fresvik/s/

Håkon Småbrekke/s/

Randi Legård/s/

Lars O. Seim/s/

Anne Marie Rabba/s/

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Sak 01/17: Referat og meldingar

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Dette fell dessverre ut pga datakrasj hjå sekretær. Ein vil legge fram relevant informasjon munnleg på møtet.

Leiar orienterar om tilbod på diverse utstyr til hyttene.

Framlegg til vedtak:

Referat:

Orientering om vårmøte v sekretær

Leiar orienterar om tilbod på innkjøp av utstyr til hyttene, samt to båtar.

Matrikkelføring av hyttene. Orientering ved Randi Legård.

Vedtak:

Fjellstyret tek orienteringa til vitande.

Tilboda på utstyr og båtar vert teke opp som eiga sak på neste møte i fjellstyret.

Sekretær sjekkar med Statskog kor saka står når det gjeld matrikkelføring av hyttene.

Sak 02/17: Fiskekortprisar for Røldal SA

Saksdokument:

<https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2016-03-04-212>

Saksutgreiing:

Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske på statsallmenning set rammer for mellom anna kva fiskekort kan koste. Pr i dag er det fylgjande prisrammer for fiske:

§ 13. Prisrammer

Følgende prisrammer er gjeldende frem til 31. mars 2021. For de ulike korttyper skal øvre prisramme for utenbygdsboende fiskere/jegere være:

Fiske:

Dagskort/døgnkort Kr 100,–

Ukekort Kr 350,–

Sesongkort Kr 700,–

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Røldal Fjellstyre har i dag desse prisane på fiskekort:

Sesongkort garnfiske, innanbygds (gjeld og stong):	250,-
Sesongkort stongfiske, alle	300,-
Vekekort stongfiske, alle	150,-
3-dagarskort stongfiske, alle	100,-
Dagskort stongfiske, alle	50,-

Prisane på fiskekort er fastsette i seiste gong i sak 3/15. Det er pr i dag trykt opp nye fellesfiskekort for 2017. Her er desse satsane nytta. Dersom ein skal endre fiskekortprisane må dette gjerast med verknad frå og med 2018.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering ved leiar.
Kort ordskifte.

Vedtak:

Røldal FS vidarefører tidlegare vedtak om prisar for fiskekort for Røldal SA.

Samrøystes

Sak 03/17: Orientering om saker frå NFS

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Orientering om nytt frå NFS etter fagsamling på Gardermoen no i januar:

- Lovutvalet
- Ny tilsett i NFS

Framlegg til vedtak:

Referat:

Orientering ved sekretær.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande

Sak 04/17: Orientering om CWD (Skrantesjuke)

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Under fagsamlinga på Gardermoen fekk alle ei grundig orientering om skrantesjuken og førebelse planar for tiltak. Det vert jobba på spreng i tverrfaglege grupper for å kome opp med tiltak for avgrensing/utrydding av smitte.

Framlegga til tiltak er under utarbeiding og seiste nytt vert lagt fram på møtet.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Sekretær legg fram presentasjon frå Mattilsynet og orienterar om status for Hardangervidda.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande

Sak 05/17: Salgsmåte for villreinkort

Saksdokument:

Saksutgreiing:

FH har etter vedtak jobba med å få til ei salsløyising på Inatur. Det var møte mellom sakshandsamar, Sekretær i Ulvik og Torgeir Lande (NFS) på den eine sida og Inatur på den andre sida i samband med fagsamling på Gardermoen. Inatur presenterte si løysing på sal av villreinkort. Det vart diskutert ulike justeringar.

Forslaget til Inatur vil vere ei god teknisk løysing for fjellstyra for å kunne tilby jaktkort både til utanbygds og innanbygds. Det vil vere nokre føresetnader som må godtakast før ein kan få ei løysing frå Inatur til å fungere.

For å kunne ta omsyn til om ein jeger har hatt fridyrkort tidlegare eller ikkje så må Inatur ha dette i systemet sitt. Dvs at Fjellstyret må vere villige til å starte på år null det fyrste året ein nyttar Inatur. Seinare år vil systemet kunne håndtere om ein jeger har hatt fridyrkort året før og stille denne bak i fridyrkøen.

Pris var viktig for Fjellstyra og det vart tidleg signalisera for Inatur at pris ville vere eit avgjerande spørsmål.

Normal provisjon på Inatur er 10% eks mva. Tilbodet som kom var 7% eks mva. FH gav tilbakemelding på at dette var for dyrt til at det kunne vere interessant å gå vidare med. Inatur

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no

har etter det kome med ein endeleg pris på 5% eks mva. Då tek Inatur alle utviklingskostnader med å lage ei løysing for fjellstyra. I prisen ligg og hjelp med trekking og tildeling av kort.

For Røldal Fjellstyre vil det vere uproblematisk å selje utanbygds kort med Inatur. Her er det ingen tilpassingar som trengst og det vil vere ein effektiv og arbeidsbesparande måte å få seld kort på.

Rauland Fjellstyre kjem til å gå for denne løysinga både for innanbygds og utanbygds fom i år. Ulvik FS skal ha dette opp som sak og vil tilrå at dette og skal gjelde frå i år.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre ynskjer å nytte seg av tilbodet til Inatur.no om sal av reinskort til utanbygds inneverande år. Sekretær får fullmakt til å setje opp salssider og tilbod. Fjellstyret gjev samstundes fullmakt til at trekking og sal av jaktkort vert gjort av sekretær i samråd med Inatur.no. Søknadsfristen for utanbygds skal setjast til 2 mai. Fjellstyret skal i eige vedtak godkjenne kor mange kort og kva for korttype som skal leggjast ut for sal. Likeeins skal Fjellstyret definere kva område jakta skal føregå på og elles fastsetje andre reglar for utøving av denne jakta.

Vedtaket vert gjort i medhald av Fjellova §§ 23 og 24.

Referat:

Presentasjon av saka ved leiar. Kort utfyllande informasjon ved sekretær.

Kort ordskifte der fjellstyret samlar seg om framlegg til vedtak.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre ynskjer å nytte seg av tilbodet til Inatur.no om sal av reinskort til utanbygds inneverande år. Sekretær får fullmakt til å setje opp salssider og tilbod. Fjellstyret gjev samstundes fullmakt til at trekking og sal av jaktkort vert gjort av sekretær i samråd med Inatur.no. Søknadsfristen for utanbygds skal setjast til 2 mai. Fjellstyret skal i eige vedtak godkjenne kor mange kort og kva for korttype som skal leggjast ut for sal. Likeeins skal Fjellstyret definere kva område jakta skal føregå på og elles fastsetje andre reglar for utøving av denne jakta.

Vedtaket vert gjort i medhald av Fjellova §§ 23 og 24.

Samrøystes

Sak 06/17: Datalagring, løysing for framtida

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Fjellstyresambandet har framforhandla ei løysing med lagring av data for fjellstyra (Daldata as). I denne avtala ligg det datalagring med oppdatering av filer, oppdatera programvare (officepakke) og support.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no

Tilgangen til dette er brukarstyrt. Dvs at Røldal må betale ein lisens for sin sekretær. Pr i dag kostar denne 640 kr pr mnd.

Slik sakshandsamar ser det er det på tide å gå over til elektronisk lagring. Spørsmålet er kva for løysing ein skal velje. Denne løysinga bør innehalde avtale om langtidslagring og oppdatering av data som eit minium. Slik sett stettar løysinga frå Daldata dette kravet.

Arkivlova set grenser for kva for løysing ein må ha. Etter § 2 er ikkje fjellstyra definert som offentleg organ i arkivlova. § 19 i same lovverk har fylgjande ordlyd: «*Dersom privat rettssubjekt mottok faste offentlege driftstilskot som er viktige for verksemda eller har fullmakt til å treffa einskildvedtak eller utferda forskrifter, kan Riksarkivaren fastsetja at arkivet heilt eller delvis skal følgja føresegnene for offentlege arkiv gjevne i eller i medhald av denne lova*»

Riksarkivaren har ikkje kome med slike pålegg til fjellstyra og ein kan derfor konkludere med at fjellstyra ikkje treng å forhalde seg til reglane om offentleg arkivering.

Fjellstyra må likevel ha ei tilfredsstillande arkivløysing der dokument kan sporast tilbake. Ved å gå for ei digital løysing med bruk av fjellstyras arkivnøkkel i mappestruktur er dette oppfylt.

Dersom ein skal få full effekt av eit digitalt arkivsystem er det ynskjeleg at alle fjellstyra rundt vidda på sikt er knytt opp mot det same systemet. Dei tilsette bør uansett vere knytta opp i eit slikt system for effektivt å kunne samarbeide i dagleg arbeid

For Røldal FS vil ein kunne sjå for seg at ein lisens vil kunne delast mellom Røldal og Rauland då det er same sekretær. Prisen vert då halvert.

Saka om datalagring vil bli teken opp på fyrstkomande møte i FHas.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre er positive til å gå vidare med eit system for digital lagring av dokument. Fjellstyret tek endeleg stilling til saka når den har vore oppe til handsaming i FH as.

Referat:

Orientering ved sekretær.

Representantane er positive til å finne ei løysing for digital lagring og samlar seg om framlegg til vedtak.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre er positive til å gå vidare med eit system for digital lagring av dokument. Fjellstyret tek endeleg stilling til saka når den har vore oppe til handsaming i FH as.

Sak 07/17: Handsaming av fjellstyresaker, habilitet mm

Saksdokument:

Uttale frå Lund & Co vedr habilitet (sendt ut tidlegare)

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Røldal fjellstyre har bak seg ei tid med turbulens når det gjeld sakshandsaming av samjaktavtaler.

Det har vore ein del brevskriving og epostutveksling i saka frå begge partar. Saka ligg no føre som ei ueinigheit om samjaktavtaler mellom private vald i Røldal og Røldal SA. Habiliteten til enkelmedlemer i fjellstyret har vore utslagsgjevande for resolutatet i saka. Følgeleg har habilitet vorte eit diskusjonstema internt i fjellstyret. Det er innhenta ei uttale frå eit advokatfirma, Lund & Co, via Fjellstyresambandet.

Den 2 februar var det eit dialogmøte mellom fjellstyret, både faste og vara, og ordførar og rådmann i Odda kommune. Her var og sakshandsamar til stades. Begge partar fekk høve til å legge fram sine synspunkt i saka og peike på kva som ikkje fungerte i fjellstyret.

Ordførar og rådmann sitt hovudsynspunkt i møtet var at ein måtte freiste å nullstille tidlegare konflikhtar og starte på nytt. Vidare at det berre er fjellstyret som kan fatte vedtak og at desse vedtaka må fylgje krava som er sett i Fjellova og Forvaltningslova.

Sakshandsamars vurdering:

Sakshandsamar oppfattar at det over tid har vore noko konfliktfylt samarbeid i Røldal FS.

Dette har no kome til uttrykk i denne konkrete saka om samjakt.

Uttale frå Lund & co viser at habilitetsvurderinga som låg til grunn for fjellstyrevedtaket var rett. Etter sakshandsamar si vurdering må denne sakkyndige vurderinga vege tungt og vere retningsgjevande for vidare handsaming i fjellstyret. Dersom det blant medlemene er tvil om denne vurderinga er rett, meiner sakshandsamar at ein bør hente inn ei ny uttale frå ein uavhengig part som begge partar kan godkjenne. Det vil vere avgjerande for vidare arbeid i fjellstyret at ueinigheiter vert lagt til sides og at ein for framtida kan jobbe etter gjeldande lovverk og elles etter retningsgjevande uttaler frå juridisk hald.

For å kome vidare med eit konstruktivt og ryddig arbeid i fjellstyret har sakshandsamar fylgjande forslag:

1. Spørsmålet om habilitet vert handsama i form av denne saka i fjellstyret. Dersom det er einigheit om at uttalene frå Lund & Co er retningsgjevande vert spørsmålet om habilitet landa her og vert retningsgjevande for vidare handsamingar i fjellstyret.
2. Dersom nokon av partane ikkje er nøgde med uttalene frå Lund & co skal det oppnemnast ein ekstern part (advokatfirma med kompetanse på habilitet) som skal kome med ei vurdering av denne saka. Partane må då godkjenne det endelege resultatet som retningsgjevande for vidare handsaming i fjellstyret.
3. Fjellstyret tek opp saka om samjakt til ny handsaming etter at punkt ein og evt punkt 2 er gjennomført. Gjeldande reglar i fjellova og forvaltningslova vert retningsgjevande og bindande for vedtaka.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no



4. Medlemer i Røldal Fjellstyre legg bak seg tidlegare ueinigheiter og forpliktar seg til å jobbe etter retningsgjevande avklaringar gjort i punkt 1 evt punkt 2. Vidare er det reglane i Fjellova og Forvaltningslova som er førande for seinare vedtak i Røldal FS.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering ved leiar.

Lars O. Seim: einig i habilitetsvurderinga frå Lund og co. Rettar seg etter dette for framtida.

Torleif Fresvik: meiner vedtaket om samjakt som vart gjort i fjor var romsleg. Kan bli eit anna vedak i år. Dette må vurderast av fjellstyret i kvar sak. Må diskutere seg fram til gode vedtak og følgje gjeldande reglar for sakshandsaming. Fjellstyret sit att med mange kort samstundes som ein gjev samjakt.

Lars O. Seim: må gjere kloke vedtak som gjer fleirtalet nøgde. Habilitetsvurderinga er ikkje noko problem og vert oppfatta som presise.

Håkon Småbrekke: er inhabil i desse sakene. Stiller spørsmål ved habilitetsvurderingane som er gjorde.

Torleif Fresvik: må legge dette bak oss og stille oss bak habilitetsvurderingane som er gjorde. Prøve å vere fornuftige og kloke i dei vala som skal gjerast.

Håkon Småbrekke: vil rette seg etter vurderinga som er gjort av Lund og Co

Anne Marie G. Rabba: vil rette seg etter vurderinga som er gjort av Lund og Co

Randi Legård: ynskjer ikkje ny vurdering av habiliteten, meiner det som ligg føre no er ei god vurdering.

Torleif Fresvik: saka har vore avslutta for lenge sidan for hans del. Ein må no nullstille og kome vidare. Det må bli ro.

Ingen av representantane ynskjer ny vurdering av saka og ynskjer å rette seg etter dei vurderingar som er gjorde av Lund og Co.

Fjellstyret samlar seg om punkt 1, 3 og 4 i saksutgreiinga.

Vedtak:

Habilitesvurderingar gjort av Lund og Co den 1 april 2016 vert retningsgjevande for vidare handsamingar i Fjellstyret.

Fjellstyret tek etter søknad oppatt saka om samjakt og gjeldande reglar i fjellova og forvaltningslova vert retningsgjevande og bindande for vedtaka.

Røldal Fjellstyre legg bak seg tidlegare ueinigheiter og forpliktar seg til å jobbe etter retningsgjevande avklaringar gjort av Lund og Co. Vidare er det reglane i Fjellova og Forvaltningslova som er førande for seinare vedtak i Røldal FS.

Samrøystes



Sak 08/17: Motorferdsle på Røldal SA sør for E134

Saksdokument:

Motteke epost frå Jan Kristiansen (sendt tidlegare)

Saksutgreiing:

Fjelleva § 12 omhandlar mellom anna fjellstyrets rett til å regulere motorferdsle på statsallmenning. Statskog skal ha uttalerett i desse sakene. Statskog ynskjer ikkje å kome med uttale i saker som gjeld motorferdsle på snøføre.

Leiar har opplyst til sakshandsamar at Røldal FS tidlegare har gjeve gjeve fullmakt til kommunen og tilsynsutvalet i motorferdslesaker som går føre seg nord for E 134, men at dette ikkje gjeld den delen av Røldal SA som ligg sør for E134.

Denne delen av Røldal SA ligg utanfor verneområde og er såleis berre omfatta av motorferdslelova. Denne vert handsama av kommunen.

Leiar meiner det i utgangspunktet bør vere forbode med motorferdsle sør for E 134 pga villrein. Vidare at alle som ynskjer slik ferdsle må kontakte fjellstyret v/leiar i kvar enkelt sak for å få løyve, men at dei som har fått løyve av kommunen får løyve av fjellstyret sesongen 2017. Leiar ynskjer at fjellstyret gjev leiar fullmakt til å avgjere søknader om køyring over Røldal SA i kvar enkelt sak.

Det vil vere opp til fjellstyret og avgjere denne saka og det vil vere mogeleg å legge opp til ulik praksis i ulike delar av allmenningen dersom det er ynskjeleg.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering ved leiar.

Refererar til at det er nekta ferdsle tidlegare gjennom Ståvassdalen. Dette har vore nekta både av kommunen og fjellstyret. Meiner det er mykje dyr i området, både no og tidlegare i vinter. Dette vert stadfesta av Dyreposisjonar.no.

Forslaget er at fjellstyret i utgangspunktet nektar ferdsle sør for E134 av omsyn til reinen. Det vil heller ikkje vere noko god grunn til å køyre gjennom Ståvassdalen då det er grei tilkomst gjennom Blåbergdalen.

Vedtak:

Fjellstyret ynskjer i utgangspunktet ikkje å ha motorferdsle på Røldal SA sør for E134. I spesielle tilfelle får leiar fullmakt til å gje løyve til enkeltturar etter søknad. Køyring med heimel direkte i lov er ikkje omfatta av vedtaket og vert såleis tillete. Vedtaket oversendast Odda kommune til orientering.

Vedtaket gjerast i medhald av fjelleva § 12

Samrøystes



Sak 09/17: Røldalsmarknaden

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Fristen for å melde interesse og tinge plass på Røldalsmarknaden er 10 april. Det er stor pågang og ein bør tinge plass no for å vere sikker.

Nils Åge Sandal har stilt gratis lavvo til disposisjon for fjellstyret.

Fjellstyret må ta stilling til om ein skal vere med på årets marknad og kva for omfang dette skal ha.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering ved leiar.

Vedtak:

Røldal FS ynskjer å stille på marknaden i same omfang som før. Leiar bestiller plass og har ansvar for dette. Ynskjer at fjelloppsynet stiller her og nyttar av timane til informasjonsteneste til dette.

Sak 10/17: Eventuelt

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Referat:

Det kom opp ei sak til handsaming.

I tidlegare vedtak om godtgjering til styret så er det sett av godtgjering til sekretær. No har Røldal FS gått inn på ei ordning med sekretær via FH as. Det er då naturleg at denne godtgjeringa fell bort. Anne Marie G. Rabba får då ikkje utbetalt godtgjering som sekretær i 2017 då ho no fungerer som vanleg styremedlem.

Vedtak:

Godtgjering til sekretær takast bort fom året 2017.

Samrøystes



MØTEBOK

Styremøte i Røldal Fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 20.03.2017 klokka 1800

Stad: Biblioteket, Røldal skule

Desse møtte: Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke, Randi Legård, Anne Marie G. Rabba og Lars O. Seim (vara for Helleik Rabbe)

Meldt forfall: Helleik Rabbe, vara Lars O. Seim møter

Saker til styremøtet

Sak 11/17: Referat og meldingar

Sak 12/17: Innkjøp av utstyr og båtar

Sak 13/17: Orientering om matrikkelføring av hytter

Sak 14/17: Ordningar og vedtak ifbm villreinjakta 2017

Sak 15/17: Søknad om samjakt, Helleik Rabbe

Sak 16/17: Søknad om garnfiske i Ståvatn/Ulevåvatn

Sak 17/17: Framlegg til bestandsplan og kvote for 2017

Sak 18/17: Søknad om samjakt, Røldal Storvald

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka er i samsvar med det som kom fram på møtet.

Torleif Fresvik/s/

Håkon Småbrekke/s/

Randi Legård/s/

Lars O. Seim/s/

Anne Marie Rabba/s/

Ellen Drangevåg/s/

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Sak 11/17: Referat og meldingar

Saksdokument:

2017.02.01.1.FH as-Brev om skrantesjuke og involvering av fjelloppsynet
2017.02.09.1.Jan Kristiansen-søknad om å nytte snøskuter over Røldal SA
2017.02.11.1.Odda Kommune-Møtenotat 02.02.17
2017.02.21.1.Statsallmenningsutvalet-spørsmål frå utvalet
2017.02.22.2.Jan Kristiansen.-svar på skuterløyve
2017.02.27.1.Henrik Stokke-innspel freding rypejakt
2017.02.27.1.Statskog-informasjon status matrikkelføring
2017.02.27.2.Gjørsv og Lynghamar-svar på brev av 2301017
2017.02.27.2.Odda kommune-orientering om vedtak mf sør E134
2017.03.04.1.Helleik Rabbe-Søknad samjakt RS 4. mar. 2017, 12.21
2017.03.12.1.Sveigen Beitelag-orientering om søknad om vøling
2017.03.12.1.Sveigen Beitelag-søknad om garnfiske
2017.03.13.1.Nils Ove Hauge-Samjakt 2017 Røldal Fjellstyre

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Referat:

Orientering ved sekretær.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande

Samrøystes

Sak 12/17: Innkjøp av utstyr og båtar

Saksdokument:

Tilbod på utstyr og båtar

Saksutgreiing:

Det er innhenta tilbod på diverse utstyr til hyttene frå Jernia Odda. Dette gjeld fiskegarn og kokeutstyr. Viser elles til vedlegg.

Det er og innhenta tilbod på båtar. Det er to alternativ å velje mellom. Det er Oceanruner 12 ft med ein pris på 15900,- og Linder 410 13 ft med ein pris på 24900,-.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Det er stor prisskilnad på desse båtane og dei har ulike eigenskaper. Røldal Fjellstyre har frå før Linder 410 på Uravatn. Dette er ein båt som er meir egna til å ro og den har gjennomgåande betre kvalitet enn Oceanrunner.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre ynsker å nytte vedlagde tilbod på fiskegarn og utstyr frå Jernia Odda. Fjellstyret ynskjer og å nytte tilbodet på kjøp av Linder 410.

Referat:

Leiar legg fram saka med tilbodsoversikt.

Kort ordskifte. Brei einigheit om å gå for tilboda.

Alle meiner den største båten er å foretrekke. Ein skal freiste å forhandle på pris dersom Fjellstyret sjølve hentar båten på importlager i Drammen.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre ynsker å nytte vedlagde tilbod på fiskegarn og utstyr frå Jernia Odda. Fjellstyret ynskjer og å nytte tilbodet på kjøp av Linder 410.

Samrøystes

Sak 13/17: Orientering om matrikkeføring av hytter**Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing:

Sakshandsamar har vore i kontakt med Statskog om dette. Ein fekk dette svaret:

«Ja denne saken kjenner jeg. Dette gjelder 3 setre/landbruksbygg og en fjellstyrehytte som vi først fikk inngått avtale med fjellstyret på i 2015. Deretter skulle bygningene registreres i matrikkelen. Dette arbeidet har blitt liggende da jeg fortsatt venter på svar fra kommunen vedrørende min klage på prissetting av matrikkelføring. Jeg fikk en tilbakemelding fra kommunen høsten 2015. Da ville matrikkelføringen av 3 setre og en fjellstyrehytte bli på over 90 000 kr. Kommunen krevde oppmåling av festeareal rundt setrene og fjellstyrehytta. Jeg sendte kommunen en henvendelse vedrørende dette som jeg ennå ikke har mottatt svar på.

Har i dag purret på å få svar på min henvendelse.

Før jeg sender saken til matrikkelføring, vil jeg informere fjellstyret om prisen. Når kommunen priser så mye, vil ikke Statskog kreve matrikkelføring dersom fjellstyret ikke har råd til dette utlegget. I første omgang kan det være å få registrert fjellstyrehytta ved Ulevåbotn i matrikkelen som et punkt feste.»

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre tek orienteringa til vitande og avventar vidare informasjon frå Statskog.

Referat:

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Orientering ved sekretær.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre tek orienteringa til vitande og avventar vidare informasjon frå Statskog.

Sak 14/17: Ordningar og vedtak for villreinjakta 2017**Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing:

Fjellstyret må gjere vedtak om kva for ordningar og reglar som skal gjelde for villreinjakta 2017.

1. Prisar på kort
2. Jaktlagsavtaler
3. Fordeling av kort til utanbygds, kortpakker
4. Søknadsfristar og søknadsmåte

Fjellstyret må gjere sine vedtak i medhald av Fjelleva §§ 23, 24 og 25. Kommunen skal høyrast i desse sakene og fjellstyret må derfor gjere vedtak med atterhald om godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Kort innleiing ved leiar. Leiar legg fram notat der det er sett opp forslag til kva for reglar, prisar og ordningar som skal gjelde for jakta 2017.

Styret går gjennom punktvis.

1. Styret samlar seg om å vidareføre prisane som har vore på reinskort.
2. Styret samlar seg om å vidareføre ordninga med jaktlag: Alle som har kort på HA280 kan lage jaktlag med inntil 5 jegerar. Det er berre kort frå HA280 som kan nyttast.
3. Innanbygds jegerar får tilbod om og må ta ut kort etter fylgjande alternativ:
1 fritt dyr og 2 simle/ungdyrkort m/ kalv. 3 simle ungdryrkort m/ kalv. Dei som ikkje hadde fritt dyr i 2016 vil bli tildela dette utan trekning i 2017. Dersom samtlege jegerar blir tildela fritt dyr i 2017 vert alle med i trekning om dette i 2018 om kvota vert lågare. Røldal Fjellstyre vil også for 2017 oppretthalda ordninga med tilbod til studentar om å berre ta ut eit simle/ungdyrkort og for ektefeller/sambuarar om berre å ta ut eit kort for den eine av dei to om begge søker. Kortet som kan takast ut vil vere eit simle/ungdyrkort m/ kalv. Dersom talet på fridyrkort blir så høgt at alle innanbygds søkarar blir tildela slikt kort kan fjellstyre gjere vedtak om at i dei tilfella der ektefelle/sambuar eller student tek ut eit kort kan dette vera eit fridyrkort. Røldal Fjellstyre vil også i år dele ut jaktkort til utanbygds jegerar i tillegg til "utflytte røldøler". Antall kort pr utanbygds jeger vil vere 2 simle/ungdyrkort m/ kalv til kvar. Antall utanbygds jegerar (m utflytta røldøler) som blir tildela kort vert sett til maksimalt 40, men med redusert antall ut i frå tildela kvote.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



4. Søknad for utanbygds jegrar vil vera på Inatur med frist 2 mai. Søknadssidene opnar 3 april.
Innanbygds jegerar må søkje innan avslutningsdagen på Røldalsmarknaden dvs søndag 25. juni. Dette gjeld og utflytte røldøler.
5. Jakttida på villrein på Røldal Statsallmenning i 2017 er frå 20. august kl. 0700 tom 30. august kl. 1900.
Det er nattefredning på Røldal Statsallmenning fra kl. 1900 til 0700 i heile jaktperioden.
Fredningssona på Røldal Statsallmenning vert opprethalden .
Om andre fjellstyre fjernar eller endrar sine fredningssoner vesentleg kan Røldal Fjellstyre også gjere vedtak om dette før jakta 2017.

Styret samlar seg om ovanfor nemde punkt. Det er brei einigheit om å gå for desse ordningane for jaktåret 2017.

Vedtak:

1. Styret samlar seg om å vidareføre prisane som har vore på reinskort. Prisane vert som fylgjer:

	Innanbygds	Utanbygds
Fritt dyr	1400,-	2800,-
Simle/ungdyr	900,-	1800,-
Simle/ungdyr med kalv	1100,-	2200,-
Kalv	400,-	800,-

2. Styret samlar seg om å vidareføre ordninga med jaktlag: Alle som har kort på HA280 kan lage jaktlag med inntil 5 jegerar. Det er berre kort frå HA280 som kan nyttast.
3. Innanbygds jegrar får tilbod om og må ta ut kort etter fylgjande alternativ:
1 fritt dyr og 2 simle/ungdyrkort m/ kalv. 3 simle/ungdyrkort m/ kalv. Dei som ikkje hadde fritt dyr i 2016 vil bli tildela dette utan trekning i 2017. Dersom samtlege jegerar blir tildela fritt dyr i 2017 vert alle med i trekning om dette i 2018 om kvota vert lågare. Røldal Fjellstyre vil også for 2017 opprethalda ordninga med tilbod til studentar om å berre ta ut eit simle/ungdyrkort og for ektefeller/sambuarar om berre å ta ut eit kort for den eine av dei to om begge søker. Kortet som kan takast ut vil vere eit simle/ungdyrkort m/ kalv. Dersom talet på fridyrkort blir så høgt at alle innanbygds søkarar blir tildela slikt kort kan fjellstyre gjere vedtak om at i dei tilfella der ektefelle/sambuar eller student tek ut eit kort kan dette vera eit fridyrkort.
Røldal Fjellstyre vil også i år dele ut jaktkort til utanbygds jegrar i tillegg til "utflytte røldøler". Antall kort pr utanbygds jeger vil vere 2 simle/ungdyrkort m/ kalv til kvar. Antall utanbygds jegrar (m utflytta røldøler) som blir tildela kort vert sett til maksimalt 40, men med redusert antall ut i frå tildela kvote.
4. Søknad for utanbygds jegrar vil vera på Inatur med frist 2 mai. Søknadssidene opnar 3 april.
Innanbygds jegerar må søkje innan avslutningsdagen på Røldalsmarknaden dvs søndag 25. juni. Dette gjeld og utflytte røldøler.
5. Jakttida på villrein på Røldal Statsallmenning i 2017 er frå 20. august kl. 0700 tom 30. september kl. 1900.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no



Det er nattefredning på Røldal Statsallmenning fra kl. 1900 til 0700 i heile jaktperioden.
Fredningssona på Røldal Statsallmenning vert oppretthalden .
Om andre fjellstyre fjernar eller endrar sine fredningssoner vesentleg kan Røldal Fjellstyre også gjere vedtak om dette før jakta 2017.

Sak 15/17: Søknad om samjakt frå Helleik Rabbe

Saksdokument:

Søknad frå Helleik Rabbe
Innspeil frå 5 jegerar i Røldal

Saksutgreiing:

Helleik Rabbe søker om samjakt mellom Røldal SA og HA 290 for jaktseasonen 2017.
Det har og kome inn eit brev med innspel til samjakt på Røldal SA. Dette er underteikna av 5 jegerar i Røldal. Dei meiner ein ikkje bør ha samjakt med nokon i 2017.

Fjellstyret står fritt til å vurdere om det er føremålsteneleg å inngå samjaktavtaler med andre vald jfr §§ 23 og 24 i Fjellova. Kommunen skal høyrast i desse sakene og fjellstyret må derfor gjere atterhald om godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Sekretær innleiar saka med å gå gjennom munnleg ulike måtar å løyse samjakter på. Sekretær går gjennom utgreiinga frå Lund & Co om habilitet. Det vert og vist til brevet som har kome frå 5 jegerar i Røldal. Det vert diskutert noko før ein bestemmer seg for at utfallet i dei to sakene som no føreligg bør vere likt, men at dei skal handsamast kvar for seg. Det vert teke opp til diskusjon kven som kjenner seg inhabile. Lars O. Seim meiner han er inhabil i sak 18/17, men ikkje nødvendigvis i 15/17. Håkon Småbrekke ynskjer å trekke seg frå handsaminga av begge sakene. Lars O. Seim følger Håkon Småbrekke i argumentasjonen og begge fråtrer handsaminga av sak 15/17 og 18/17.
Ellen Drangevåg møter som vara for Håkon Småbrekke.

Leiar *Torleif Fresvik* legg fram eit forslag til vedtak:

*Røldal Fjellstyre tilbyr følgande samjaksavtale til HA-290 og HA-300 for villreinjakta 2017. Innanbygds- og utanbygds jegrar som har løyst jaktkort på villrein på Røldal Statsallmenning HA-280 kan nytta private kort frå HA-290 og HA-300 på heile Røldal Statsallmenning frå og med 20. august kl. 0700 tom 30.september kl. 1900.
Røldal Fjellstyre set ikkje andre vilkår for avtala. Ein føreset at avtala vert gjensidig.*

Randi Legård: meiner ordninga som var før 2016 fungera og viser til at det då ikkje var støy rundt samjaksvedtaket. Ho legg fram fylgjande forslag:

Røldal Fjellstyre tilbyr følgande samjaksavtale til HA-290 og HA-300 for villreinjakta 2017. Innanbygds- og utanbygds jegrar som har løyst jaktkort på villrein på Røldal Statsallmenning HA-280 kan nytta private kort frå HA-290 og HA-300 på heile Røldal Statsallmenning frå og

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no



med 20. august kl. 0700 tom 30. september kl. 1900. I tillegg kan alle som har jaktkort på HA290 og HA300 jakte på den delen av Røldal Statsallmenning som ligg vest for turiststien (Haukelisæter-Litlos) mellom Telemark grense i sør og grensa mot Ullensvang SA i nord Røldal Fjellstyre set ikkje andre vilkår for avtala. Ein føreset at avtala vert gjensidig.

Torleif Fresvik: meiner ein med hans forslag vil unngå uheldige jegerkonsentrasjonar samt at ein ivaretek interessene både til private og til jegerar på statsallmenningen.

Ellen Drangevåg: meiner at med ordninga ein no har vedteke med sal på Inatur kan ein få ein del meir ivrige jegerar. Meiner at dei private ikkje får nokon fordel dersom det vert stilt krav om at dei likevel må ha allmenningskort.

Torleif Fresvik: Meiner det er uomtvisteleg at det er dei private som har fordelene av denne avtala. Hovudhensikten bør vere at private kort kjem inn på attraktive område på SA, men det vert feil at private skal kome inn utan vederlag når fjellstyret kanskje sit at med kort dei ikkje får seld og tapar pengar.

Ellen Drangevåg: meiner det ikkje har vore noko problem med samjakter tidlegare og at det no er laga mykje splid utan at dette er naudsynt. Meiner dei fleste jegerar ikkje syns dette er noko problem.

Torleif Fresvik: peikar på sitt eige forslag til vedtak og meiner dette ikkje vil bli kontroversielt for nokon av partane.

Randi Legård: meiner hennes forslag har bevist tidlegare at det ikkje skaper splid. Ynskjer og å kome tilbake med ei spørjeundersøking til jegerane. Meiner dette vil vere ei støtte for ho ved neste handsaming.

Det kjem ikkje fram fleire enn to forslag til vedtak:

Forslag nr 1 frå Torleif Fresvik:

Røldal Fjellstyre tilbyr følgande samjaksavtale til HA-290 og HA-300 for villreinjakta 2017. Innanbygds- og utanbygds jegrar som har løyst jaktkort på villrein på Røldal Statsallmenning HA-280 kan nytta private kort frå HA-290 og HA-300 på heile Røldal Statsallmenning frå og med 20. august kl. 0700 tom 30. september kl. 1900.

Røldal Fjellstyre set ikkje andre vilkår for avtala. Ein føreset at avtala vert gjensidig

Forslag nr 2 frå Randi Legård:

Røldal Fjellstyre tilbyr følgande samjaksavtale til HA-290 og HA-300 for villreinjakta 2017. Innanbygds- og utanbygds jegrar som har løyst jaktkort på villrein på Røldal Statsallmenning HA-280 kan nytta private kort frå HA-290 og HA-300 på heile Røldal Statsallmenning frå og med 20. august kl. 0700 tom 30. september kl. 1900. I tillegg kan alle som har jaktkort på HA290 og HA300 jakte på den delen av Røldal Statsallmenning som ligg vest for turiststien (Haukelisæter-Litlos) mellom Telemark grense i sør og grensa mot Ullensvang SA i nord Røldal Fjellstyre set ikkje andre vilkår for avtala. Ein føreset at avtala vert gjensidig.

Fjellstyret tek forslag nummer 1 opp til votering:

Forslaget fell med 1 mot 3 røyster.

Fjellstyret tek forslag nummer 2 opp til votering:

Forslaget vert vedteke med 3 mot 1 røyst.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no

**Vedtak:**

Røldal Fjellstyre tilbyr følgande samjaksavtale til HA-290 og HA-300 for villreinjakta 2017. Innanbygds- og utanbygds jegrar som har løyst jaktkort på villrein på Røldal Statsallmenning HA-280 kan nytta private kort frå HA-290 og HA-300 på heile Røldal Statsallmenning frå og med 20. august kl. 0700 tom 30. september kl. 1900.

I tillegg kan alle som har jaktkort på HA290 og HA300 jakte på den delen av Røldal Statsallmenning som ligg vest for turiststien (Haukelisæter-Litlos) mellom Telemark grense i sør og grensa mot Ullensvang SA i nord

Røldal Fjellstyre set ikkje andre vilkår for avtala. Ein føreset at avtala vert gjensidig.

Vedteke med 3 mot 1 røyst.

Vedaket er gjort med heimel i Fjellova §§ 23-24

Vedtaket er gjort med atterhald om godkjenning i kommunen.

Sak 16/17: Søknad om garnfiske i Ståvatn/Ulevåvatn**Saksdokument:**

Søknad frå Sveigen Beitelag

Saksutgreiing:

Sveigen Beitelag søker om å få nytte eit garn pr leigetakar pr døger i Ulevåvatn og Ståvatn.

Fjellova §§ 28-31 set vilkåra for fiske på Statsallmenning.

Fjellstyret kan etter Fjellova § 28 gje løyve til garnfiske også for andre enn innanbygdsbuande «når det kan skje utan at det går ut over fiskerettshavarane elles og det ikkje kan reknast å vere til skade for fisken i vassdraget.» Kommunen skal gje fråsegn i saka.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Leiar innleier og går gjennom søknaden.

Dei fleste medlemmer i styret ytrar seg positivt til søknaden. Det vert einigheit om at det bør knyttast opp til leige av beite og støl.

Positivt at støls-og beitebrukarane kan fiske medan dei ligg i fjellet.

Fjellstyret kan ikkje sjå at dette vil vere til skade for fisket i dei to vatna og heller ikkje forringe fiskeretten til innanbygdsbuande i vesentleg grad.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre gjev kvar av leigetakarane av støl eller beite rett til å fiske med eitt garn pr døger i Ståvatn og Ulevåvatn. Garna skal merkast «Sveigen Beitelag» på godt synlege blåser. Fjellstyret ynskjer årleg rapport om fangst.

Vedtaket er gjort i meihald av Fjellova § 28. Vedtaket er gjort med atterhald om at kommunen ikkje har merknader til dette.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Sak 17/17: Framlegg til bestandsplan og kvote for 2017

Saksdokument:

Framlegg til bestandsplan frå Villreinutvalet

Framlegg til kvote frå Villreinutvalet

Saksutgreiing:

Villreinutvalet har kome med fylgjande forslag til kvote:

Det anbefales følgende kvote / antall kontrollkort for jakt på villrein i Hardangervidda villreinområde høsten 2017:

☐ Totalt 6.000 kontrollkort fordelt på:

o 2.100 stk. fridyorkort.

o 3.900 stk. simle/ungdyrkort med kalv inkludert i samme kontrollkort.

Dette innebærer en teoretisk kvotestørrelse på 9.900 dyr når alle 3.900 kalver regnes med (2.100 frie dyr, 3.900 simle/ungdyr, 3.900 kalv).

Kvoteforslaget forutsetter at det utformes et kontrollkort der det inngår simle/ungdyr og kalv på ett og samme kontrollkort. Dette på samme måte som i årene 1998-2002 og 2016. Søknad om dispensasjon fra forskrift om forvaltning av hjortevilt § 30 blir sendt Miljødirektoratet. Dersom dispensasjon ikke gis, slik at det ikke blir utformet et kontrollkort der kalv er inkludert i su-kortet, vil villreinutvalet fremme ny kvoteanbefaling overfor villreinnemnda.

Sakshandsamar har ikkje merknader til villreinutvalets utgreiing og viser vidare til denne.

Forslaget til ny bestandsplan vidarefører hovudlinjene frå tidlegare plan. Sakshandsamar har ikkje merknader til denne.

Forslag til vedtak:

Røldal Fjellstyre tek framlegget til ny bestandsplan og forslaget til kvote for 2017 til vitande. Røldal Fjellstyre støttar framlegga frå Villreinutvalet.

Referat:

Gjennomgang ved sekretær og leiar.

Det vert diskutert noko omkring tala for strukturteljing. Sekretær oppklarar kvifor desse tala er som dei er.

Det vert fokus på at framlegget til bestandsplan ynskjer meir samjakt og peika på at dette bør takast omsyn til i sak 15/17 og 18/17.

Ein vert einige om at desse argumenta må ein ta med seg inn i diskusjonen i dei aktuelle sakene og her fokusere på innhaldet i høyringsdokumentet.

Det kom ikkje fram forslag til endringar.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no

Røldal Fjellstyre tek framlegget til ny bestandsplan og forslaget til kvote for 2017 til vitande. Røldal Fjellstyre støttar framlegga frå Villreinutvalet.

Sak 18/17: Søknad om samjakt, Røldal Storvald

Saksdokument:

Søknad frå Røldal Storvald
Innspeil frå 5 jegerar i Røldal

Saksutgreiing:

Røldal Storvald søker om samjakt mellom Røldal SA og HA 300 for jaktseasonen 2017. Det har og kome inn eit brev med innspeil til samjakt på Røldal SA. Dette er undertekna av 5 jegerar i Røldal. Dei meiner ein ikkje bør ha samjakt med nokon i 2017.

Fjellstyret står fritt til å vurdere om det er føremålsteneleg å inngå samjaktavtaler med andre vald jfr §§ 23 og 24 i Fjellova. Kommunen skal høyrast i desse sakene og fjellstyret må derfor gjere atterhald om godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Referatet er ordrett det same som i sak 15/17, då dei to sakene vart handsama med sikte på likt utfall.

Sekretær innleiar saka med å gå gjennom munnleg ulike måtar å løyse samjakter på. Sekretær går gjennom utgreiinga frå Lund & Co om habilitet. Det vert og vist til brevet som har kome frå 5 jegerar i Røldal. Det vert diskutert noko før ein bestemmer seg for at utfallet i dei to sakene som no føreligg bør vere likt, men at dei skal handsamast kvar for seg. Det vert teke opp til diskusjon kven som kjenner seg inhabile. Lars O. Seim meiner han er inhabil i sak 18/17, men ikkje nødvendigvis i 15/17. Håkon Småbrekke ynskjer å trekke seg frå handsaminga av begge sakene. Lars O. Seim følger Håkon Småbrekke i argumentasjonen og begge fråtrer handsaminga av sak 15/17 og 18/17.

Ellen Drangevåg møter som vara for Håkon Småbrekke.

Leiar Torleif Fresvik legg fram eit forslag til vedtak:

Røldal Fjellstyre tilbyr følgande samjaktavtale til HA-290 og HA-300 for villreinjakta 2017. Innanbygds- og utanbygds jegrar som har løyst jaktkort på villrein på Røldal Statsallmenning HA-280 kan nytta private kort frå HA-290 og HA-300 på heile Røldal Statsallmenning frå og med 20. august kl. 0700 tom 30. september kl. 1900. Røldal Fjellstyre set ikkje andre vilkår for avtala. Ein føreset at avtala vert gjensidig.

Randi Legård: meiner ordninga som var før 2016 fungera og viser til at det då ikkje var støy rundt samjaksvedtaket. Ho legg fram fylgjande forslag: Røldal Fjellstyre tilbyr følgande samjaktavtale til HA-290 og HA-300 for villreinjakta 2017.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no



Innanbygds- og utanbygds jegrar som har løyst jaktkort på villrein på Røldal Statsallmenning HA-280 kan nytta private kort frå HA-290 og HA-300 på heile Røldal Statsallmenning frå og med 20. august kl. 0700 tom 30.september kl. 1900. I tillegg kan alle som har jaktkort på HA290 og HA300 jakte på den delen av Røldal Statsallmenning som ligg vest for turiststien (Haukelisæter-Litlos) mellom Telemark grense i sør og grensa mot Ullensvang SA i nord Røldal Fjellstyre set ikkje andre vilkår for avtala. Ein føreset at avtala vert gjensidig.

Torleif Fresvik: meiner ein med hans forslag vil unngå uheldige jegerkonsentrasjonar samt at ein ivaretek interessene både til private og til jegerar på statsallmenningen.

Ellen Drangevåg: meiner at med ordninga ein no har vedteke med sal på Inatur kan ein få ein del meir ivrige jegerar. Meiner det heilt klart er føremålsteneleg for jegerane på allmenningen å kunne jakte på dei private områda. Meiner og at dei private ikkje får nokon fordel dersom det vert stilt krav om at dei likevel må ha allmenningskort.

Torleif Fresvik: Meiner det er uomtvisteleg at det er dei private som har fordel av denne avtala. Hovudhensikten bør vere at private kort kjem inn på attraktive område på SA, men det vert feil at private skal kome inn utan vederlag når fjellstyret kanskje sit at med kort dei ikkje får seld og tapar pengar.

Ellen Drangevåg: meiner det ikkje har vore noko problem med samjakter tidlegare og at det no er laga mykje splid utan at dette er naudsynt. Meiner dei fleste jegerar ikkje syns dette er noko problem.

Torleif Fresvik: peikar på sitt eige forslag til vedtak og meiner dette ikkje vil bli kontroversielt for nokon av partane.

Randi Legård: meiner hennes forslag har bevist tidlegare at det ikkje skaper splid. Ynskjer og å kome tilbake med ei spørjeundersøking til jegerane. Meiner dette vil vere ei støtte for ho ved neste handsaming.

Det kjem ikkje fram fleire enn to forslag til vedtak:

Forslag nr 1 frå Torleif Fresvik:

Røldal Fjellstyre tilbyr følgande samjaksavtale til HA-290 og HA-300 for villreinjakta 2017. Innanbygds- og utanbygds jegrar som har løyst jaktkort på villrein på Røldal Statsallmenning HA-280 kan nytta private kort frå HA-290 og HA-300 på heile Røldal Statsallmenning frå og med 20. august kl. 0700 tom 30.september kl. 1900. Røldal Fjellstyre set ikkje andre vilkår for avtala. Ein føreset at avtala vert gjensidig

Forslag nr 2 frå Randi Legård:

Røldal Fjellstyre tilbyr følgande samjaksavtale til HA-290 og HA-300 for villreinjakta 2017. Innanbygds- og utanbygds jegrar som har løyst jaktkort på villrein på Røldal Statsallmenning HA-280 kan nytta private kort frå HA-290 og HA-300 på heile Røldal Statsallmenning frå og med 20. august kl. 0700 tom 30.september kl. 1900. I tillegg kan alle som har jaktkort på HA290 og HA300 jakte på den delen av Røldal Statsallmenning som ligg vest for turiststien (Haukelisæter-Litlos) mellom Telemark grense i sør og grensa mot Ullensvang SA i nord Røldal Fjellstyre set ikkje andre vilkår for avtala. Ein føreset at avtala vert gjensidig.

Fjellstyret tek forslag nummer 1 opp til votering:

Forslaget fell med 1 mot 3 røyster.



Fjellstyret tek forslag nummer 2 opp til votering:

Forslaget vert vedteke med 3 mot 1 røyst.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre tilbyr følgande samjaksavtale til HA-290 og HA-300 for villreinjakta 2017. Innanbygds- og utanbygds jegrar som har løyst jaktkort på villrein på Røldal Statsallmenning HA-280 kan nytta private kort frå HA-290 og HA-300 på heile Røldal Statsallmenning frå og med 20. august kl. 0700 tom 30.september kl. 1900.

I tillegg kan alle som har jaktkort på HA290 og HA300 jakte på den delen av Røldal Statsallmenning som ligg vest for turiststien (Haukelisæter-Litlos) mellom Telemark grense i sør og grensa mot Ullensvang SA i nord

Røldal Fjellstyre set ikkje andre vilkår for avtala. Ein føreset at avtala vert gjensidig.

Vedteke med 3 mot 1 røyst.

Vedaket er gjort med heimel i Fjellova §§ 23-24

Vedtaket er gjort med atterhald om godkjenning i kommunen.



MØTEBOK

Styremøte i Røldal Fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 22.05.2017 klokka 1800

Stad: Biblioteket, Røldal skule

Desse møtte: Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke, Randi Legård, Anne Marie G. Rabba og Lars O. Seim (vara for Helleik Rabbe)

Meldt forfall: Helleik Rabbe, vara Lars O. Seim møter

Andre til stades på møtet: Sveinung Olsnes, Fjelloppsyn/sekretær

Saker til styremøtet

Sak 19/17: Referat og meldingar

Sak 20/17: Godkjenning av rekneskap for 2016

Sak 21/17: Budsjett for 2017

Sak 22/17: Klage på vedtak i sak 15/17 og 18/17

Sak 23/17: Datalagring, kjøp av skytenester frå Daldata

Sak 24/17: Høyring på sanksjonar ifbm lovbrøt på statsallmenning

Sak 25/17: Eventuelt

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka er i samsvar med det som kom fram på møtet.

Torleif Fresvik/s/

Håkon Småbrekke/s/

Randi Legård/s/

Lars O. Seim/s/

Anne Marie Rabba/s/

Ellen Drangevåg/s/

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Sak 19/17: Referat og meldingar

Saksdokument:

2017.01.15.2.6. Rapport,brannvern Røldal fjellstyre
2017.03.17.1.Røldal bygdemarknad-Søknad sponsin jakt '17
2017.03.30.1.Odda kommune-.Uttale til søknad om tilskot til tiltak i beiteområde 2017
2017.04.04.1.FH as-møtebok 240317
2017.04.04.2.NOHauge-svar på brev samjakt
2017.04.15.1.Helleik Rabbe-godkjenning av samjaktavtale
2017.04.15.1.NFS- informerer om to høringer som nå er ute og som høringsfristen straks går ut
2017.04.19.1.Odda kommune-uttale i sak 1517-1817
2017.04.21.1.FMBU-invitasjon til forvaltningsmøte
2017.04.21.1.NFS-skjøtselstiltak i verneområder rutine for praktisering i statsallmenninger
2017.04.25.1.IHR-spørsmål frå revisor vedr rekneskapen for 2016
2017.04.25.1.Nils Ove Hauge-Klage på vedtak samjakt 2017 Røldal Fjellstyre
2017.05.09.1.Villreinrådet-Invitasjon til Villreinrådets landsmøte
2017.05.09.1.Villreinrådet-Invitasjon til Villreinrådets landsmøte

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Referat:

Gjennomgang av post og meldingar ved sekretær.
Diskusjon om underskriving av protokoll. Fjellstyret ynskjer å godkjenne møtebøkene elektronisk for framtida.

Vedtak:

Fjellstyret tek orienteringa til vitande.

Sak 20/17: Godkjenning av rekneskap for 2016

Saksdokument:

Rekneskapen for 2016

Saksutgreiing:

Røldal Fjellstyre har eit driftsresultat for 2016 på kroner 119 896,-. Dette er om lag som i 2015.

På inntektssida har inntektene frå hytteleige auka frå 7 700,- i 2015 til 19 100,- i 2016. Sal av småviltjakt har gått ned frå 61 976,- til 2 570,- pga freding av rjupejakta i 2016.

Sal av reinsdyrkort har gått opp med ca 40 000,- frå 2015 til 2016.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Elles er det små eller ingen endringar i inntektene.

På kostnadssida har kostnader til drift av oppsynet gått ned med 30 000,- og kostnader til styregodtgjering gått opp med 10 000,-

Det er kostnadsført 68 000,- til reparasjon av bygningar i 2016 mot 2 688,- i 2015.

Det er kostnadsført 6 500,- til bilgodtgjeringar i 2016 mot 0,- i 2015. Hotellopphald har og gått opp frå 3690,- i 2015 til 18 445,- i 2016.

Forsikringspremiane har gått monaleg ned frå 28 546,- i 2015 til 17 000,- i 2016.

Røldal Fjellstyre har pr 31.12.16 ein eigenkapital på kr 2 025 407,- av dette er litt over 1,5 mill bankinnskott.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre godkjenner framlagde rekneskap for 2016. Styret tek atterhald om revisors godkjenning.

Referat:

Gjennomgang av rekneskapen ved sekretær og leiar. Randi Legård orienterar om enkeltpostar.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre godkjenner framlagde rekneskap for 2016. Styret tek atterhald om revisors godkjenning.

Samrøystes

Sak 21/17: Budsjett for 2017

Saksdokument:

Forslag til budsjett for 2017

Saksutgreiing:

Budsjettet er lagt fram i tråd med vedteke budsjett i FH for 2017. Vidare er kostnader og inntekter for 2016 lagt til grunn. Tala er justerte i høve til endra villreinkvote.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Sekretær legg fram budsjettet for 2017. Kort orientering om enkeltpostar.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre godkjenner samrøystes framlagde budsjett utan endringar.



Sak 22/17: Klage på vedtak gjort i sak 15/17 og 18/17

Saksdokument:

Klage frå Nils Ove Hauge

Saksutgreiing:

Røldal Fjellstyre har motteke klage på vedtak gjort i sak 15/17 og 18/17. Klaga er underteikna Nils Ove Hauge m fleire.

Sakshandsamar vurderar at klaga har kome inn til fristen og såleis kan handsamast. Klagar er part i saka ved at han har rettar som innanbygdsbuande jeger i Røldal og har såleis klageadgang etter forvaltningslova § 28.

Odda kommune har hatt saka til uttale og har ikkje merknader til vedtaka som er gjort.

Innhaldet i klaga:

Klagar viser til at vedtaka som er gjort av fjellstyret ikkje er føremålsteneleg i høve til § 27 i fjellova. Klagar meiner jakta på Røldal statsallmenning vert svekka som fylgje av ein større jegerkonsentrasjon. Det vert derfor klaga på vedaket som er gjort etter §§ 23 og 24.

Klagar viser til at det her er den eine parten som har fordel av vedtaket og meiner det berre er ulemper for jegerane på Røldal SA. Det vert og peika på at dei private kan nytte «gratis» kort på Røldal SA medan andre må betale for å jakte der.

Klagar meiner argumenta for samjakt er «vage og irrelevante» og at argumenta er direkte feil. Det vert og vist til forvaltningslova § 6 og stilt spørsmålsteikn ved om fjellstyret kjenner seg pressa til å vedta samjaktavtaler med private for å ikkje bli nekta å køyre snøskuter over dei same eigedomane om vinteren.

Klagar ynskjer at Røldal Fjellstyre omgjer sitt vedtak om samjakt med dei private grunneigarane.

Handsaming av klaga:

Klagar viser innleiingsvis til § 27 i Fjellova og meiner vedtaket er i strid med denne. Røldal Fjellstyre har ikkje gjort vedtak etter § 27 i desse sakene av di det er vurdert at samjakt ikkje skal handsamast etter denne heimelen. Denne heimelen skal nyttast i saker der heile eller delar av Statsallmenning vert lagt til/slåast saman med andre jaktområde for felles andminstrasjon. Dette er ikkje tilfelle her og heimelen vert derfor ikkje lagt til grunn i handsaminga av desse sakene.

Røldal Fjellstyre har handsama denne saka etter Fjellova §§ 23 og 24. Fjellova § 23 heimlar i tredje lekken Fjellstyrets rett til å «...avgrense talet på vilt av ulike slag som nokon kan felle eller fange, og innskrenke tida, måten og området for jakta og fangsten. Fjellstyret kan og avgrense talet på dei som kan få høve til å drive fangst av småvilt, på dei som kan få høve til å drive jakt utan hund på småvilt og på dei som kan få løyve til å drive jakt med hund på slikt vilt. Ved eventuell avgrensing av talet på dei som kan få høve til slik jakt som nemnt i første stykket, må fjellstyret sjå til at det vert rimeleg balanse mellom innan- og utanbygdsbuande.»

I § 24 vert det vist til tredje lekken i § 23, fyrste til andre punktum.

Det har vore vanleg praksis rundt Hardangervidda å handsame søknader om samjakt etter §§ 23 og 24. Det kan diskuterast om samjakt kjem inn under «måten» jakta vert utført på, samt

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



reglane om «dei som kan få høve til å drive jakt...på slikt vilt» jfr § 24. Sakshandsamar har vald å legge seg på denne tolkinga. Dersom ein ikkje skulle nytte desse §§ i handsaminga av samjakt vil det følgeleg ikkje vere nokon heimel å knyte vedtaket opp mot. Fjellstyret vil då måtte gjere ei avgjerd utan heimel i slike saker, og det vil då heller ikkje vere noko klagerett.

Klagar stiller vidare spørsmål ved habilitet etter forvaltningslova § 6 (habilitet). Etter sakshandsamars vurdering er dette spørsmålet grundig vurdert av Fjellstyret før sakene vart teke opp. Det er innhenta uttale frå Advokatfirmaet Lund & Co der temaet vert grundig gjennomgått. Konklusjonen er at dei fjellstyremedlemene som er inhabile i desse sakene har gjenge frå møtet og vara har kome inn der dette er mogleg.

Konklusjon:

Sakshandsamar vurderer at vedtaka i utgangspunktet er gjort etter rett § i Fjellova og at det derfor ikkje er grunnlag for å gjere om vedtaket på grunn av feil heimelsbruk. Unntaket må vere dersom ein skulle kome til at saka ikkje skal handsamast etter fjellova i det heile.

Ein kan heller ikkje sjå at fjellstyret gjennom klaga har fått tilført nye opplysningar som skulle føre til omgjering av vedtaket. Alle moment i klaga var kjende for fjellstyret før handsaming av sakene.

Habilitetsspørsmålet er så grundig gjennomgått at sakshandsamar vanskeleg kan sjå at dette kan vere grunnlag for fleire diskusjonar. Det vil derfor etter sakshandsamars vurdering ikkje vere grunnlag for å gjere om vedtaket på bakgrunn av ugildheit.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre opprettheld sitt vedtak i sak 15/17 og sak 18/17. Saka vert sendt til Miljødirektoratet for avgjerd.

Referat:

Håkon Småbrekke og Lars O. Seim fråtrer møtet som ugilde. Ellen Drangevåg kjem inn som vara for Håkon Småbrekke.

Leiar les opp brev/saksargumentasjon skrive av leiar. Dette vart sendt ut til alle i fjellstyret fem dagar før møtet. Alle hadde sett dette og lese det. Leiar ynskjer at dette skrivet fylgjer saka ved ei eventuell klage til direktoratet.

Torleif Fresvik: Les opp argumentasjon til endring av vedtaket. Oppmodar fjellstyret om å gjere om vedtaket.

Ellen Drangevåg: Refererar til Torleif Fresvik sitt innlegg. Viser til at dei private ikkje har utnytta systemet etter hennes erfaring. Meiner det er fordelar for både partar med samjakt. Meiner det er svært få utanbygds som nyttar området inn mot Hellevass og at det ikkje fører til jegerkonsentrasjonar. Meiner vidare at dei aller fleste privatkort vert gjeve vekk. Saka handlar om prinsipp meir enn noko anna-nokon få likar ikkje moglegheitene dette gjev private. Meiner fjellstyret kan ta saka opp til vurdering sidan vedtaka ikkje gjeld meir enn eitt år om gongen. Det viktigaste argumenta: dette er ikkje utnytta av dei private, saka kan lett reverserast om det vert noko problem. Ynskjer og å kommentere uttala som er i klaga omkring press pga skuterkøyring. Dette er ikkje tilfelle-har ikkje endra mening om dette etter at ho fekk ein jobb som krever tilgang til området med snøskuter om vinteren.

Ynskjer at fjellstyret opprettheld vedtaket og at saka vert oversendt direktoratet. Støttar framlegg til vedtak.

Randi Legård: Ynskjer å støtte uttala til Ellen Drangevåg og støttar framlegget til vedtak.

Anne Marie G. Rabba: støttar framlegg til vedtak.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre opprettheld sitt vedtak i sak 15/17 og sak 18/17. Saka vert sendt til Miljødirektoratet for avgjerd.

Vedtaket er gjort med 3 mot 1 røyst.

Sak 23/17: Datalagring, kjøp av skytenester frå Daldata

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Røldal Fjellstyre gjorde i sak 06/17 slikt vedtak: *«Røldal Fjellstyre er positive til å gå vidare med eit system for digital lagring av dokument. Fjellstyret tek endeleg stilling til saka når den har vore oppe til handsaming i FH as.»*

FH as hadde dette oppe som sak på seiste styremøte. Det var brei tilslutning blant fjellstyreleiarane om at ei slik ordning må på plass. Administrasjonen fekk fullmakt til å jobbe vidare med saka. Dette er gjort og nokre medarbeidarar har allereie starta på utprøving av ekstern lagring.

For Røldal Fjellstyre vil ein lisens kunne delast mellom Rauland, Røldal og FH. Dette av di det er same sekretær.

Totalprisen er pr i dag 630 kr pr måned. Dersom ein ser for seg ei tredeling av dette så vert prisen 210 kr pr måned for Røldal Fjellstyre.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre godkjenner oppstart av ekstern digital lagring av dokument. Sekretær får fullmakt til å opprette dette og lage utkast til avtale mellom Røldal FS, Rauland FS og FH as. Avtala skal ikkje avvike frå ovanfor nemnde summar i vesentleg grad.

Referat:

Orientering ved sekretær

Vedtak:

Røldal Fjellstyre godkjenner oppstart av ekstern digital lagring av dokument. Sekretær får fullmakt til å opprette dette og lage utkast til avtale mellom Røldal FS, Rauland FS og FH as. Avtala skal ikkje avvike frå ovanfor nemnde summar i vesentleg grad.



Sak 24/17: Høyring på sanksjonar ifbm lovbrøt på statsallmenning

Saksdokument:

Saksutgreiing:

FH har sendt fylgjande saksutgreiing ut på høyring blant fjellstyra rundt Hardangervidda:

Fjellova § 25, tredje ledd gjev fjellstyret rett til å nekte å skrive ut jaktkort til personar som dei tre siste åra er straffedømte eller som har vedteke førelegg for brot «mot nokor førsegn om jakt».

Det betyr at alle reglar som vert vedteke av fjellstyret i medhald av §23, tredje ledd vil ligge til grunn for moglege sanksjonar i tillegg til andre føresegner om jakt, jfr § 25, tredje ledd. Det ligg og i dette regelverket at ein jeger kan utestengast frå den datoen ein rettskraftig dom ligg føre eller frå den datoen jegeren har vedteke førelegg. Utestenginga kan vere opp til 3 år. Fjellstyret må i si handsaming av desse sakene vurdere kor alvorleg brotet har vore og kor lenge ein jeger skal utestengast frå jakt på Statsallmenning. Det vil vere avgjerande for folks oppfatning av lik handsaming at desse sakene vert handsama likt frå fjellstyre til fjellstyre. For å sikre dette vil felles retningslinjer for handsaming av desse sakene vere avgjerande. Sakshandsamar føreslår fylgjande retningslinjer for sanksjonar ved overtreding av føresegner om jakt på Statsallmenning på Hardangervidda:

Utestenging i 3 år:

Alle brot på § 19 om inhuman jakt, herunder også uforsvarleg omgang med våpen og skyting mot manglande bakgrunn.

Brot på viltlova § 24, bruk av fangstredskap som ikkje er lovlege.

Brot på viltlova § 25, bruk av gift

Jakting utanom jakttid og på andre freda artar, herunder i fredningssoner fastsett av fjellstyret

Felling av rein utan gyldig fellingsløyve i det heile (dvs manglar fellingsløyve totalt for heile vidda)

Andre tilhøve der jeger vert idømt fengselsstraff for brot på jaktføresegner.

Utestenging i 2 år:

Alle brot på viltlova § 21, bruk av motorkjøretøy under jakt

Brot på viltlova § 22, jakt på symjande dyr.

Felling av rein utan fellingsløyve på det dyret som er felt og/eller jaktar på Statsallmenning utan løyve med kort frå andre vald.

Jaktar utan gyldig skyteprøve

Jaktar utan jegeravgift

Utestenging i 1 år:

Brot på viltlova § 23, drevjakt med hund

Mindre brot på ulike føresegner om jakt

FH ynskjer innspel til dette slik at ein kan ha som mål å få laga felles reglar/retningslinjer på styremøtet i FH i juni.

Fjellstyret må ta stilling til forslaget som ligg føre og kome med innspel til endringar.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no

**Framlegg til vedtak:**

Ingen

Referat:

Orientering ved sekretær og leiar.

Kort diskusjon omkring saka.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre ser positivt på at det vert laga felles retningslinjer for bruk av § 25 i Fjelleva. Røldal Fjellstyre har ikkje merknader til saksutgreiinga i FH as slik det ligg føre og ynskjer at det vert jobba vidare med saka i styret i FH as.

Sak 25/17: Eventuelt

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:**Framlegg til vedtak:**

Ingen

Referat:

Det kom fram to saker til diskusjon:

1. Røldalsmarken: Sekretær orienterar om at Fjelloppsynet vil vere til stades med to personar på marknaden laurdag og sundag. Midlar til dette vil gå over budsjettet til felles informasjonsteneste. Sekretær ornar med å få tak i reklamemateriell frå NFS.
2. Randi Legård føreslår å lage ei spørjeundersøking blant jegerane i Røldal. Både utanbygds og innanbygds. Dette vil vere til god hjelp for fjellstyret når vedtak skal gjerast. Personleg vil det vere til god hjelp av di ho ikkje jaktar sjølv og derfor treng informasjon direkte frå jegerane. Sekretær utarbeider forslag til spørjeskjema og sender ut til styremedlemene. Det skal vere ein god prosess rundt dette slik at alle er nøgde med sluttresultatet.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre tek informasjonen framkomen i referatet til vitande. Røldal Fjellstyre ynskjer å utarbeide eit spørjeskjema til utdeling blant jegerar på Røldal SA. Sekretær utarbeider forslag i tråd med referat.

MØTEBOK

Styremøte i Røldal Fjellstyre

Tidspunkt: Epostmøte , sendt ut 26.06.17

Stad: Epost/telefon

Desse møtte: Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke, Randi Legård, Anne Marie G. Rabba og Lars O. Seim (vara for Helleik Rabbe)

Meldt forfall: Helleik Rabbe, vara Lars O. Seim møter

Andre til stades på møtet: Sveinung Olsnes, Fjellopptyn/sekretær

Saker til styremøtet

Sak 26/17: Reglar for kven som skal kunne ta ut eitt kort etter søknad

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka er i samsvar med det som kom fram på møtet.

Torleif Fresvik/s/

Håkon Småbrekke/s/

Randi Legård/s/

Lars O. Seim/s/

Anne Marie Rabba/s/

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.rolidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: rolidal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no



Sak 26/17: Reglar for kven som skal kunne ta ut eitt kort etter søknad

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Røldal Fjellstyre har motteke ein søknad om å få ta ut berre eitt kort i staden for tre. Søkjar grunngjev søknaden med at han er ved dårleg helse og ikkje ynskjer å ha så mange kort.

Søkjar ynskjer å gå på jakt, men ikkje ha arbeidet med fleire dyr.

Røldal Fjellstyre har i tidlegare vedtak bestemt at alle innanbygds må ta ut tre kort. Unntaket er dersom du er student, skuleelev eller dersom ektefelle/sambuar har teke ut tre dyr.

Etter sakshandsamars vurdering kan det vere lurt å ha reglar for andre som kan få tildelt berre eitt dyr etter søknad. Ein kan tenkje seg at det vil vere nokon som har gode grunnar til å ynskje seg dette. Til dømes vil det for eldre jegerar kunne vere nok med eit dyr. Det same vil vere dersom helsetilstanden tilseier at det er vanskeleg å hanskast med fleire dyr. Ein måte å regulere dette kan vere å setje ei aldersgrense for når du kan få tildelt berre eitt dyr. For dei under denne grensa kan legeattest vere ein måte å dokumentere søknaden på.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre kan, etter søknad, gje personar over 70 år fritak for å måtte ta i mot fleire fellingsløyve. Likeeins kan personar som er under 70 år få tilbod om færre dyr, etter søknad, mot framlagd legeerklæring som syner at dei har ein helsetilstand som gjer det vanskeleg med mykje bering/harde jakturar.

Sekretær får fullmakt til å innvilge/avslå slike søknader i samråd med leiar.



MØTEBOK

Styremøte i Røldal Fjellstyre

Tidspunkt: Epost/telefonmøte , sendt ut 24.07.17

Stad: Epost/telefon

Saker til styremøtet

Sak 27/17: Nytt vedtak i sak 15/17 og 18/17, samjakt

Me stadfetster med våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Torleif Fresvik/s/

Ellen Drangevåg/s/

Randi Legård/s/

Anne Marie G. Rabba/s/

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

*Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no*

Sak 27/17: Nytt vedtak i sak 15/17 og 18/17, samjakt

Saksdokument:

Svar på klagesak, Miljødirektoratet, sendt ut tidlegare

Saksutgreiing:

Røldal Fjellstyre mottok klage på vedtak i sak 15/17 og 18/17. Denne vart sendt til Miljødirektoratet for handsaming.

Konklusjonen til Miljødirektoratet er at Fjellstyret ikkje skal handsame samjaksavtaler etter Fjellova. Vedtaket til fjellstyret er såleis ikkje gyldig.

Fjellstyret må derfor handsame desse sakene på nytt, men då utan å heimle vedtaket i Fjellova.

Sakshandsamar ser ikkje nokon grunn til å gå inn i saka på nytt då denne er grundig utgreia i tilegare innkallingar. Saka har ikkje endra seg frå tidlegare handsamingar ut over at det er nytta feil heimel i vedtaket. Sakens fakta og utfall vil derfor ikkje verte endra etter sakshandsamar si vurdering.

Saka vert derfor lagt fram med eit framlegg til vedtak som er identisk med tidlegare vedtak i saka, men utan heimelstilvising. Saka er tidlegare godkjent av kommunen utan merknader. Det vert ikkje klagerett på dette vedtaket.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre tilbyr følgande samjaksavtale til HA-290 og HA-300 for villreinjakta 2017. Innanbygds- og utanbygds jegrar som har løyst jaktkort på villrein på Røldal Statsallmenning HA-280 kan nytta private kort frå HA-290 og HA-300 på heile Røldal Statsallmenning frå og med 20. august kl. 0700 tom 30. september kl. 1900.

I tillegg kan alle som har jaktkort på HA290 og HA300 jakte på den delen av Røldal Statsallmenning som ligg vest for turiststien (Haukelisæter-Litlos) mellom Telemark grense i sør og grensa mot Ullensvang SA i nord

Røldal Fjellstyre set ikkje andre vilkår for avtala. Ein føreset at avtala vert gjensidig.

Samjakt er å rekne som privatrettsleg avtale og er ikkje heimla i fjellova, det er difor ikkje klagerett på dette vedtaket.

Referat:

Saka vert lagt fram for styremedlemene til diskusjon pre post/telefon. Ein legg til grunn same habilitetsvurderingar som tidlegare. Det vil seie at Lars O. Seim går ut som inhabil, det same gjer Håkon Småbrekke. Ellen Drangevåg kjem inn som vara for Håkon. Lars O. Seim er sjølv vara og det kjem ingen inn i hans stad. Det er derfor dei same stemmeberettiga som i tidlegare vedtak i denne saka.

Dei 4 medlemene har ikkje nye moment i saka og viser til tidlegare argumentasjon i saka. Dei fire medlemene ynskjer å stemme på same måte som i tidlegare vedtak.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre tilbyr følgande samjaksavtale til HA-290 og HA-300 for villreinjakta 2017.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Innanbygds- og utanbygds jegrar som har løyst jaktkort på villrein på Røldal Statsallmenning HA-280 kan nytta private kort frå HA-290 og HA-300 på heile Røldal Statsallmenning frå og med 20. august kl. 0700 tom 30. september kl. 1900.

I tillegg kan alle som har jaktkort på HA290 og HA300 jakte på den delen av Røldal Statsallmenning som ligg vest for turiststien (Haukelisæter-Litlos) mellom Telemark grense i sør og grensa mot Ullensvang SA i nord

Røldal Fjellstyre set ikkje andre vilkår for avtala. Ein føreset at avtala vert gjensidig.

Samjakt er å rekne som privatrettsleg avtale og er ikkje heimla i fjellova, det er difor ikkje klagerett på dette vedtaket.

Vedtaket er gjort med 3 mot 1 røyst



MØTEBOK

Styremøte i Røldal Fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 7 august 2017

Stad: Biblioteket

Til stades på møtet: Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke Anne Marie G. Rabbe, Randi Legård og Jan Øvregård. Jan deltok i drøftingane, men ikkje i samband med avgjerdsler.

Forfall: Lars O. Seim, sekretær var ikkje til stades på møtet grunna ferie.

Saker til styremøtet

Sak 28/17: Brev frå Ove Lynghamar mfl

Sak 29/17: tildeling av jaktkort

Sak 30/17: Andre tilhøve omkring jakta

Me stadfetster med våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Torleif Fresvik/s/

Håkon Småbrekke/s/

Randi Legård/s/

Anne Marie G. Rabba/s/

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Sak 28/17: Brev frå Ove Lynghamar mfl

Brev der 28 jegrar ikkje har søkt eller trekker seg fra å ta ut jaktkort i 2017 med begrunnelse i at "Formann i Fjellstyret ser ut til å ikkje akseptera vanlege demokratiske avgjersler"

Vedtak:

Røldal Fjellstyre beklagar at mange jegrar i bygda velger å ikkje ta ut jaktkort i år. Fjellstyret tar brevet til etterretning og gir sekretær fullmakt til å utforma eit svar som blir lagt fram for fjellstyret der ein ber om ei skriftleg grunngjeving av påstanden om at formannen ikkje har godteke demokratiske avgjersler, og at det vert lagt opp til eit møte om temaet.

Sak 29/17 Tildeling av jaktkort .

Røldal Fjellstyre har i vedtak 14/17, Ordningar og vedtak for villreinjakta 2017 gitt tilbod til innanbygds jegrar om å ta ut 3 kort kvar, fritt dyr og to simler med kalv eller tre simler m/kalv.

Fjellstyret vil i år kunna tildela to frie dyr til kvar jeger.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre gir tilbod til dei jegrane som tar ut jaktkort i 2017 om å kunna ta ut to fri-dyr kort og eit simle ungdyrkort m/ kalv. Om nokon ikkje ønsker dette, gjelder og dei to alternativa som finnest i vedtak i sak 14/17.

Sak 30/17 Andre forhold som gjelder jakt.

Røldal Fjellstyre gjorde etter at søknadsfristen for jaktkort i år var ute vedtak om at dei over 70 år kunne velga å ta ut berre eit kort.

Jan Ahlsen opplyste før søknadsfristen gikk ut på Røldalsmarknaden at han ville ha søkt om han berre kunne ha tatt ut eit kort.

Forslag til vedtak:

Røldal Fjellstyre gir Jan Ahlsen anledning til å ta ut eit kort for 2017.

Tildeling av gratis kort til jegrar mellom 16 og 18 år.

Det har tidligare vore praksis å tildela eit gratis simle/ungdyr kort til dei jegrane som er under 18 år og som er med på opplæring. I og med det i år vil være overskudd av fri-dyrkort vil Røldal Fjellstyre tildela gratis fri-dyr kort til dei under 18 år for 2017.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre tildelar fri-dyr kort til dei jegrane som er under 18 år og som skal være med på opplæringsjakt i 2017.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Det har kome førespurnad frå Tjøstov Eikemo om å få kjøpa ekstra fridyrkort. Tjøstov Eikemo er under 18 år, han får eit kort gratis av Røldal Fjellstyre, i år eit fridyrkort. Den som er under 18 år er under opplæring og kunne ikkje ha søkt om kort på vanlege vilkår.

Forslag til vedtak:

Røldal Fjellstyre utvidar ikkje ordninga med å tildela eit gratis kort til jegrar mellom 16 og 18 år som er med på opplæringsjakt.



MØTEBOK

Styremøte i Røldal Fjellstyre

Tidspunkt: Epost/telefonmøte , sendt ut 28.08.17

Stad: Epost/telefon

Saker til styremøtet

Sak 31/17: Samtykke til jakt på rovvilt Røldal Statsallmenning

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka er i samsvar med det som kom fram på møtet.

Torleif Fresvik/s/

Håkon Småbrekke/s/

Anne Marie G. Rabba/s/

Lars O. Seim/s/

Randi T. Legård/s/

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.rolidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: rolidal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no

Sak 31/17: Samtykke til jakt på rovvilt på Røldal SA

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Jakt rovvilt vert regulert på fleire måtar i Noreg. Det vert gjeve løyve til skadefelling, lisensjakt og kvotejakt. Når det vert gjeve løyve til skadefelling i regi av skadefellingslag er det ikkje naudsynt med løyve frå grunneigar, men i høve lisensjakt og kvotejakt må grunneigar gje slikt løyve.

På statsallmenning er det Fjellstyret som må gje slikt løyve til den som skal jakte.

Jakt på rovvilt som i utgangspunktet er freda kan vere kontroversielt med mange ulike synspunkt på begge sider. Det er ingen tvil om at få saker vekker engasjement som felling av store rovdyr.

Sakshandsamar er likevel av den meining at det ikkje er fjellstyrets oppgåve å vurdere om løyver til felling av slikt vilt er innanfor eller utanfor det forsvarlege mht bestandssituasjonar eller andre tilhøve. Fjellstyret bør ha tillit til at dei forvaltningsorgana som vedtek slike kvotar utfører ei god vurdering før vedtak vert fatta.

Sakshandsamar vurderer defor at Fjellstyret bør legge til rette for at slike vedtak kan setjast ut i live utan avgrensingar gjort av Fjellstyret.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre gjev alle jegerar som oppfyller styresmaktenes vilkår for jakt på aktuelle freda rovvilt løyve til å jakte på Røldal Statsallmenning. Dette løyvet gjeld for all jakt som er vedteken av aktuelt forvaltningsorgan og med dei vilkår som er sette i slike løyve. Røldal Fjellstyre gjev slikt løyve for fleire år fram i tid fram til eventuelt nytt vedtak vert fatta .

Referat:

Fjellstyret samlar seg om forslag til vedtak utan ordsките.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre gjev alle jegerar som oppfyller styresmaktenes vilkår for jakt på aktuelle freda rovvilt løyve til å jakte på Røldal Statsallmenning. Dette løyvet gjeld for all jakt som er vedteken av aktuelt forvaltningsorgan og med dei vilkår som er sette i slike løyve. Røldal Fjellstyre gjev slikt løyve for fleire år fram i tid fram til eventuelt nytt vedtak vert fatta

Samrøystes



MØTEBOK

Styremøte i Røldal Fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 23 oktober 2017

Stad: Biblioteket

Til stades på møtet: Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke Anne Marie G. Rabbe, Randi Legård og Dag Sverre Ekkje. Lars O. Seim var innkalla og møtte for Dag Sverre Ekkje i sak 40/17.

Andre til stades på møtet: Sveinung Olsnes, sekretær

Forfall: Ingen

Saker til styremøtet

Sak 32/17: Referat og meldingar

Sak 33/17: Orientering om fritak for verv og nyval

Sak 34/17: Orientering om økonomi

Sak 35/17: Førebelse erfaringar med sekretær, plan for neste år

Sak 36/17: Oppsummering av jakta 2017, erfaringar og resultat

Sak 37/17: Representasjon haustmøte, gjennomgang av praksis for andre møte

Sak 38/17: Samarbeidsavtale FHas 2018-2022

Sak 39/17: Framlegging av resultat av spørjeundersøking

Sak 40/17: Planlegging av møte etter klagesak

Sak 41/17: Endring av fiskereglar, søknad om støtte til settefisk

Me stadfetster med våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Torleif Fresvik/s/

Håkon Småbrekke/s/

Randi Legård/s/

Anne Marie G. Rabba/s/

Dag Sverre Ekkje/s/

Lars O. Seim/s/

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Sak 32/17: Referat og meldingar

Saksdokument:

2017.03.17-017.2.LundogCO-hhabilitet samjakt_kal_lundogco
2017.05.19-017.1.Oddbjørn Lynghamar-innspel til sakshandsaming samjakt
2017.05.19-017.1.Torleif Fresvik-vedlegg til sak 2217
2017.06.21-011.8.Statskog-vedrørende søknad om å benytte avkjøringparkering og lasteplass (1)
2017.06.26-41.1.Statkraft SF-løyve til landing på Ulevå-signed
2017.07.20-001.1.Mildir-Klage på vedtak om samjakt 2017 - Røldal fjellstyre - Nils Ove Hauge mfl.
2017.08.14-017.1.Ove Lynghamar-svar på brev
2017.09.05-011.8.statskog- vedrørende søknad om uttak av stein til restaureringsarbeid på g(1)
2017.09.28-001.2.FMBU-Rullering av Regional plan for Hardangervidda-høyring planprogram
2017.09.28-011.8.Statskog-E134 Vågsli - Seljestad. Tillatelse til arkeologiske registreringer innenfor plangrensen (1)
2017.10.03-011.3.FHAS-Revisjon samarbeidsavtaler
2017.10.03-011.3.FHAS-SAMARBEIDSAVTALE 17-22

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Referat:

Sekretær orienterar kort. Ingen merknader frå styret.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 33/17: Orientering om fritak for verv og nyval

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Helleik Rabbe har søkt, og fått innvilga, fritak for sitt verv i Fjellstyret.
Odda kommunestyre gjorde i sak 068/17 vedtak om å gje fritak for politiske verv til Helleik Rabbe.
I same sak vart Dag Sverre Ekkje vald inn som fast representant i Fjellstyret.

Forslag til vedtak:

Røldal Fjellstyre ser ikkje formelle hindringar for at Dag Sverre Ekkje skal kunne veljast inn i Røldal Fjellstyre med jordbrukstilknytning. Røldal Fjellstyre tek valet av ny representant til vitande og ynskjer velkomen som nytt medlem i Fjellstyret.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no

**Referat:**

Kort orientering og velkommen ved styreleiar.
Ikkje ordskifte i saka.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre ser ikkje formelle hindringar for at Dag Sverre Ekkje skal kunne veljast inn i Røldal Fjellstyre med jordbrukstilknytning. Røldal Fjellstyre tek valet av ny representant til vitande og ynskjer velkomen som nytt medlem i Fjellstyret.

Sak 34/17: Orientering om økonomi**Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing:

Røldal Fjellstyre har vedteke å nytte seg av sekretærtjenester frå FH as inneverande år. Dette i tillegg til andre oppsynstjenester frå FH as.

Det står att om lag 40 timar til disposisjon i perioden oktober-desember.

Etter sakshandsamar si vurdering vil dette vere nok til å levere tenester som sekretær ut året dersom ikkje noko uføreseieleg skulle inntreffe.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre tek orienteringa til vitande.

Referat:

Kort orientering ved sekretær. Rekneskapsansvarleg i styret, Randi Legård, har ingen merknader til økonomien til fjellstyret.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 35/17: Førebelse erfaringar med sekretær, plan for neste år**Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing:

Røldal Fjellstyre (RF) ynskte å gå inn på ei ordning med kjøp av sekretærtjenester frå FH as inneverande år. Dette skulle vere ei prøveordning med evaluering etter at året var omme. Alle fjellstyra rundt Hardangervidda kjøper no sekretærtjenester av FH as bortsett frå Eidfjord som har eiga sekretærordning betalt av fjellstyret.

Det vil vere føremålsteneleg for både RF og FH as om RF allereie no kunne seie noko om erfaringa med sekretærordning og ei eventuell vidareføring av denne i åra som kjem.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no

Sakshandsamar vil naturleg nok vere ugild i denne saka og ynskjer ikkje å legge fram framlegg til vedtak i saka.

Det er ynskjeleg med diskusjon om dette er ei ordning som skal halde fram og eit vedtak som seier noko om dette.

Framlegg til vedtak:

Referat:

Orientering om ordninga ved styreleiar og sekretær. Sekretær ynskte å fråtre i saka, men vart sitjande på oppmoding frå fjellstyret.

Leiar innleia og var nøgd med ordninga med sekretær for fjellstyret. Har ynskje om å halde fram med dette i åra som kjem.

Randi Legård: nøgd med ordninga og ynskjer seg ikkje tilbake til slik det var før.

Anne M. Rabba: støttar opp om å ha sekretær og er svært nøgd med dette.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre har leigd sekretærenester frå FHas i 2017 og dette har vore ei god ordning for Fjellstyret. Røldal Fjellstyre ynskjer å halde fram med denne ordninga.

Samrøystes

Sak 36/17: Oppsummering av jakta 2017, erfaringar og resultat

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Sakshandsamar har ikkje hatt noko med utdeling av kort å gjere. Dette har RF gjort på dugnad. Møtet bør diskutere erfaringar gjort etter årets jakt. Tal for felling er i skrivande stund ikkje klart og vil bli lagt fram på møtet.

Moment for diskusjon:

- Ordninga med sal til utanbygds via Inatur.no
- Andre utfordringar ift sal av kort

Framlegg til vedtak:

Referat:

Leiar og sekretær legg fram resultat for jakta. Kort orientering ved leiar.

Leiar orienterar om ordninga med sal av kort for i år og meiner Inatur har vore svært bra og enkelt for fjellstyret. Meiner ordninga bør halde fram.

Dei andre fjellstyremedlemene er positive til å halde fram med Inatur for sal av utanbygds kort dersom rammebetingelsane ikkje vert endra vesentleg. Ynskjer at sekretær får fullmakt til å forhandle om vilkår og ordningar for komande år.

**Vedtak:**

Røldal Fjellstyre tek orienteringa til vitande. Sekretær får fullmakt til å forhandle med Inatur med sikte på å nytte denne ordninga for sal til utanbygds også komande år.

Samrøystes

Sak 37/17: Representasjon haustmøte, gjennomgang av praksis for andre møte

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

RF må ta stilling til kven som skal representere RF på Haustmøtet i Eidfjord 24-25 november. Det har og kome opp spørsmål frå Håkon Småbrekke om kven som skal representere RF i andre møte gjennom året. Her bør RF ta dette opp som ein prinsipiell diskusjon. Kven skal som hovudregel representere RF?? Skal alle medlemmer ha lik mogelegheit? Skal berre leiar/nestleiar ha slik mogelegheit? OSV.

Det har og kome opp spørsmål om møtgodtgjering for telefon/epostmøte. RF bør ta ein gjennomgang på gjeldande reglar og evt ta sikte på ei opprydding dersom dette er uklart.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Kort orientering om møtepraksis for fjellstyra og representasjon i styremøter v sekretær. Diskusjon rundt bordet om tidlegare praksis og vidareføring av dette. Fjellstyret har hatt praksis på at dei som vil av fjellstyremedlemene kan reise på vår og haustmøte. Elles har det vore leiar som har reist på andre møte. Leiar møter i kraft av å vere vald i styremøter for FH as.

Dag Sverre Ekkje la fram eit forslag om at leiar/ eller den som møter på vegne av Røldal Fjellstyre skal ha klarert med styret før han/ho kjem med ytringar som kan vera kontroversielle og som ikkje har støtte i eit fleirtal i styret.

Når det gjeld godtgjeringar for møter er dette tidlegare vedteke og godkjent av kommunen. Det har ikkje vore praksis med godtgjering for telefonmøte. Det var diskusjon om dette burde godtgjerast. Dersom ikkje dette vart nokon etablara praksis og ein ikkje fekk stort omfang på det vart det stemning for å vente med ei evt ordning for godtgjering for telefonmøte.

Vedtak:

Leiar er den som i utgangspunktet representerar Røldal FS i møter.

På haust- og vårmøte kan dei i styret som ynskjer å delta gjere dette. Her dekker Fjellstyret reise og overnatting. Fjellstyret dekker ikkje tap av arbeidsforteneste utanom til leiar eller til andre som møter i leiar sin stad. Reiseutgifter vert dekkja av Fjellstyret der dette ikkje vert dekkja av andre.

Til styret for FHas møter leiar som fast styremedlem. Her er det vald vara frå Røldal Fjellstyre og det er i denne perioden nestleiar.

Når leiar eller andre møter på vegne av Røldal Fjellstyre skal han/ho representere synet til eit fleirtal i styret på møta.

Røldal Fjellstyre betaler ikkje ut møtegodtgjering for telefonmøter og ynskjer å halde fram med tidlegare vedtekne godtgjeringar.

Samrøystes

Sak 38/17: Samarbeidsavtale FHas 2018-2022

Saksdokument:

Brev frå dagleg leiar i FH as

Framlegg til ny avtale for dei neste 5 åra.

Saksutgreiing:

Dagleg leiar i FH as har sendt over framlegg til ny samarbeidsavtale mellom RF og FH as for dei neste 5 åra.

Fjellstyret må ta stilling til denne og gje tilbakemelding til FH as.

Framlegg til vedtak:

Referat:

Orientering om avtala og ordninga ved sekretær. Orientering om endringar frå tidlegare avtaler.

Det var ikkje ordsifte i saka.

Vedtak:

Leiar får fullmakt av fjellstyret til å signere avtala slik den føreligg.

Samrøystes

Sak 39/17: Framlegging av resultat av spørjeundersøking

Saksdokument:

Resultat av undersøking

Saksutgreiing:

Røldal Fjellstyre dela ut spørjeskjema til jegerane under årets jakt. Desse skulle leverast inn seinast saman med korta etter jakta. Sakshandsamar har førebels ikkje fått tilgang til desse. Dersom dette skulle føreliggje før møtet og det er tid til å systematisere resultatet, så vil dette verte lagt fram på møtet.

I motsett fall må dette utsetjast til eit seinare høve.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no

**Framlegg til vedtak:**

Ingen

Referat:

Sekretær orienterar om resultatet av spørjeundersøkinga.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre tek orienteringa til vitande og tek med seg resultatet i vidare styrearbeid.

Sak 40/17: Planlegging av møte etter klagesak**Saksdokument:**

Dokument i saka er tidlegare handsama av fjellstyret

Saksutgreiing:

I samband med klagesak og seinare motteke brev frå Ove Lynghamar m.fl. så vart det bestemt at fjellstyret skulle ta initiativ til eit møte etter jakta.

Fjellstyret etterlyste meir informasjon frå Ove Lynghamar m.fl i brev av 14.08.17. Det har ikkje kome svar på dette brevet. O. Lynghamar tok telefonisk kontakt med sakshandsamar.

Han forklarte at det var ynskjeleg med eit møte der nokre få av brevskrivarane møtte fjellstyret og at ein då ville leggje fram ytterlegare dokumentasjon. Lynghamar meinte dette ville vere den beste måten å kome vidare i prosessen. Han understreka at ein no ikkje ynskte meir uro i denne saka, men ville søkje å få ro rundt dette for framtida.

Fjellstyret må no ta stilling til eit møte med brukarane av Røldal SA. Skal dette vere eit møte ope for alle eller skal det vere eit lukka møte med representantar for dei som underteikna brevet til O. Lynghamar?

Framlegg til vedtak:**Referat:**

Lars O.Seim møter som vara for Dag Sverre Ekkje etter at han seier seg ugild i saka.

Leiar orienterar om saka og refererer kort frå brevveksling. Viser til at fjellstyret ikkje har motteke noko konkrete dømme som etterspurt og meiner derfor at fjellstyret ikkje har meir å jobbe ut i frå. Meiner og at det vert feil å ha noko møte når ein ikkje har noko konkret å diskutere.

Lars O.Seim: ynskjer å han møte med eit utval av brevskrivarane

Håkon Småbrekke: meiner og at det bør vere eit møte med eit utval av brevskrivarane.

Torleif Fresvik: meiner det vert feil å ta eit møte på dette grunnlaget utan å vere førebudde på kva som måtte kome. Fjellstyret bør ikkje ha eit møte når informasjon ikkje har kome inn. Bør ta møte dersom det kjem skriftleg dokumentasjon på kva som har vore feil og udemokratisk i fjellstyret sine avgjerder.

Håkon Småbrekke: Viser til tidlegare kommunikasjon frå ei anna gruppe for over eit år tilbake. Dette brevet er heller ikkje svara på.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Torleif Fresvik: meiner ein bør vere ærlege på kva dette eigentleg handlar om. No vart det full semje i fjellstyret på seiste møte om at det ikkje var gjort noko udemokratisk. Kva har endra seg no??

Anne M. Rabba: meiner ein kan sende eit purrebrev til brevskrivarane v/Ove Lyngamar. Be om informasjon på nytt og så ta det opp til diskusjon dersom dette føreligg.

Randi Legård: viser til møtet med kommunen. Der vart det einigheit om at fjellstyret skulle nullstille og starte på nytt. Meiner det ikkje har vore udemokratiske avgjerder i styret.

Lars O. Seim: meiner fjellstyret må rydde opp sidan så mange meiner noko er feil. Ynskjer derfor å ha møte, men er einig i at ein kan krevje å få skriftleg dokumentasjon.

Randi Legård: stattar å ha møte og å krevje skriftleg dokumentasjon før handsaming i styret.

Torleif Fresvik: ynskjer allmøte etter ei evt skriftleg handsaming av saka i fjellstyret.

Lars O. Seim: ser at det vil vere føremålsteneleg med skriftleg dokumentasjon på kor problema skal vere.

Anne M. Rabba: Meiner eit nytt forsøk på å få dokumentasjon er ein god måte å gjere det på.

Randi Legård: støttar Rabba og ynskjer meir dokumentasjon før møte.

Vedtak:

Sekretær skriv til Ove Lyngamar m/fleire og ber om skriftleg dokumentasjon om kva som har vore udemokratisk i Røldal FS. Når dette føreligg tek fjellstyret saka opp til handsaming.

Samrøystes

Sak 41/17: Endring av fiskereglar, søknad om støtte til settefisk

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Leiar har kome med innspel på forslag til endringar av fiskereglane for Høsingvatnet.

Forslaget er kopierte inn under:

«Mulig endring av fiskeregler for garnfiske. Høsingvatnet har nå fisk på halvkiloen, dette er av ca 200 fisk som blei satt ut i 2012 . De blei fanga med el. fiskeapparat. Inntil de andre vatnene har fisk på størrelse som gjør at det er interessant å fiske med garn der også, så kan vi diskutere om Høsingvatnet skal fredes for garnfiske fram til de andre har fisk på den størrelsen.»

Sakshandsamar kjenner ikkje til tilhøva for fiske i dei omtalte vatna og kan såleis ikkje kommentere/tilrå tiltak i denne saka.

Leiar legg og fram på møtet søknad om støtte til settefisk og utsetting. Søknaden vert utforma til fiskefondet og Fjellstyret må ta stilling til kor mykje det skal søkjast om.

Framlegg til vedtak:

Referat:

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Leiar orienterar om utsettingar som er gjort i år og forslag til søknad om stønad.

Det vert og orientert om forslag til endringar i fiskereglane og bakgrunnen for dette. Fjellstyremedlemene er positive til forslaget og ynskjer at dette vert arbeid vidare med.

Vedtak:

Sekretær førebur sak om endring i fiskereglar for Røldal SA til neste møte. Leiar har klar søknad til fiskefondet med beløp til neste møte.

Samrøystes



MØTEBOK

Styremøte i Røldal Fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 4 desember 2017

Stad: Biblioteket

Til stades på møtet: Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke (møtte kl 1900 og var med på handsaminga fom sak 47/17), Randi Legård, Lars O. Seim (vara for Dag Sverre Ekkje)

Andre til stades på møtet: Sveinung Olsnes, sekretær

Forfall: Anne Marie G. Rabba (vara innkalla, men møtte ikkje), Dag Sverre Ekkje (vara møter)

Saker til styremøtet

Sak 42/17: Referat og meldingar

Sak 43/17: Endring av fiskereglar for Røldal SA

Sak 44/17: Rjupejakt 2018-reglar, prisar mm

Sak 45/17: Ulevåbotn-endring av status og organisering for framtida

Sak 46/17: Planlegging av aktivitet vinteren 2018

Sak 47/17: Sak vedr udemokratiske avgjerder i Røldal FS

Sak 48/17: Eventuelt

Me stadfetster med våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Torleif Fresvik/s/

Håkon Småbrekke/s/

Randi Legård/s/

Lars O. Seim/s/

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Sak 42/17: Referat og meldingar

Saksdokument:

2017.10.24-017.1.Ove Lynghamar-purring på dokumentasjon
2017.10.26-017.1.Jan Øvregård mfl-etterlysing av engasjement i villreinproblematikken
2017.11.06.1.3.innkalling 241117 off versjon
2017.11.14-017.1.1.Ove Lynghamar m fl-dokumentasjon vedr avgjerder

Saksutgreiing:

Ingen

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering ved sekretær og leiar.
Brevet frå Jan Øvregård med fleire takast opp som sak på neste møte.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande

Brevet frå Jan Øvregård med fleire takast opp som sak på neste møte.

Samrøystes

Sak 43/17: Endring av fiskereglar for Røldal SA

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Leiar har kome opp med forslag til endring av fiskereglar for enkeltvatn innanfor Røldal SA. Dette gjeld Høsingevatn.

Det er sett ut fisk i ein del vatn 2017 og fordelinga er slik: 100 stk i Trossovtjødna, 400 i Øvre og 400 i nedre Langavatnet, 200 i Høsing, 400 i Skurevatnet, 400 i Vassdalsvatnet, 200 i Tangensjøen og 1500 i Holmavatnet.

Forslaget til leiar er som fylgjer: *Mulig endring av fiskeregler for garnfiske. Høsingvatnet har nå fisk på halvkiolen, dette er av ca 200 fisk som blei satt ut i 2012 . De blei fanga med el. fiskeapparat. Inntil de andre vatnene har fisk på størrelse som gjør at det er interessant å fiske med garn der også, så kan vi diskutere om Høsingvatnet skal fredes for garnfiske fram til de andre har fisk på den størrelsen.»*

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.rolidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: rolidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Høsingevatnet har no fisk som er attraktiv å fiske på stong. Dei andre vatna i nærleiken må ha nokre år på seg før dei vert attraktive som fiskevatn att. Det kan derfor vere eit bra verkemiddel å frede Høsingevatnet for garnfiske fram til fisken alle vatna har kome opp i storleik. Ved å tillatte garnfiske i Høsingevatnet no kan det bli lite fisk veldig fort. Det vil ikkje vere rett å tidfeste når dette skjer sidan det er mange faktorar som påverkar dette. Fjellstyret vil måtte ta dette opp til ny vurdering om nokre år og basere dette på eit lite prøvefiske.

Forslag til vedtak:

Røldal Fjellstyre ynskjer å frede Høsingevatnet for garnfiske fram til fisken dei andre vatna i nærleiken (sjå nemde vatn i saksutgreiing) kjem opp i storleik. Vedtaket gjeld til nytt vedtak vert fatta. Det skal utførast eit lite prøvefiske i dei aktuelle vatna før opning for garnfiske.

Vedtaket er gjort med heimel i Fjellova § 30. Fjellstyret tek atterhald om godkjenning av kommunen.

Referat:

Orientering ved leiar.

Ingen kommentarar frå andre styremedlemer.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre ynskjer å frede Høsingevatnet for garnfiske fram til fisken dei andre vatna i nærleiken (sjå nemde vatn i saksutgreiing) kjem opp i storleik. Vedtaket gjeld til nytt vedtak vert fatta. Det skal utførast eit lite prøvefiske i dei aktuelle vatna før opning for garnfiske.

Vedtaket er gjort med heimel i Fjellova § 30. Fjellstyret tek atterhald om godkjenning av kommunen.

Samrøystes

Sak 44/17: Rjupejakt 2018-reglar, jakttid og prisar

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Rjupa har no vore freda i 2 år på Røldal SA. Det har vore fleire år med til dels store bestandsnedgangar på heile Hardangervidda. Dei aller fleste fjellstyra har vore gjennom eit eller fleire år med freding av rjupa på HV.

Sommaren 2017 har ein hatt ei god utvikling på rjupa over store delar av vidda.

Tilbakemeldingar frå fjelloppsynet tilsa ei auke i bestanden alt på vårvinteren og dette inntrykket har vidare vore positivt utover sommaren. Spesielt lifugl har det vore ein markant oppgang på. Øvre Numedal Fjellstyre har hatt takseringsresultat som tilseier eit av dei beste

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



åra sidan dei starta med slik taksering (ca 25 fugl/km²). Eidfjord FS har og hatt gode resultat (ca 10 fugl/km²) .

Utover sommaren 2017 har det og vore klart at det er mykje mus på vidda. Seinhaustes vart det og observert mykje lemmen over store område. Dersom ein no får ein vinter med gode tilhøve for smågnagarar og ein god vår for klekking, kan det bli svært bra tilhøve for rjupa også i 2018.

På bakgrunn av dette vil sakshandsamar tilrå at det vert opna for rjupejakt på Røldal SA fom hausten 2018.

Jakttid: 20 september tom 28 februar

Reglar for jakt:

1. Småviltjakt er tillete i tida 20 september tom 28 februar med fråtrekk av lovbestemte jaktfrie dagar. Småviltjakt er tillete mot løysing av jaktkort.
2. Jaktkortet er personleg og kan ikkje overdragast til andre.
3. Jeger skal alltid ha gyldig jaktkort, jegeravgiftskort, våpenkort og andre pålagde dokument. Dokument skal framvisast for kontroll når oppsynet krev det.
4. Hund er ikkje tillete under småviltjakt på Røldal SA.

Prisar for jakt på småvilt er regulert av forskrift om jakt, felling og fangst på Statsallmenning og pristaket er pt som fylgjer:

Dagskort/døgnkort	Kr	250,-
5 dagerskort	Kr	1 000,-
Ukekort (7 dager)	Kr	1 400,-
Sesongkort	Kr	2 300,-

Røldal SA har vedteke gjeldande prisar: Årskort 1200,-, Vekekort 600,-, 3 døgnkort 400,-, 2 døgnkort 300,- og døgnkort 190,-

Sakshandsamar vil føreslå at ein justerar prisane noko opp i tråd med annan kostnadsvekst dei seinare åra.

Årskort:	1 500,-
Vekekort:	800,-
3 døgn:	500,-
2 døgn:	400,-
Døgnkort:	220,-

Framlegg til vedtak:

Røldal SA opnar for rjupejakt og anna småviltjakt på Røldal SA fom 20 september 2018.

Røldal SA vedtek desse reglane for slik jakt:

1. Småviltjakt er tillete i tida 20 september tom 28 februar med fråtrekk av lovbestemte jaktfrie dagar. Småviltjakt er tillete mot løysing av jaktkort.
2. Jaktkortet er personleg og kan ikkje overdragast til andre.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



3. Jeger skal alltid ha gyldig jaktkort, jegeravgiftskort, våpenkort og andre pålagde dokument. Dokument skal framvisast for kontroll når oppsynet krev det.
4. Hund er ikkje tillete under småviltjakt på Røldal SA.

Dersom ein får ein svært sein vår med tilnærma nullproduksjon vil fjellstyret ta saka opp til ny handsaming.

Røldal Fjellstyre vedtek nye prisar for Småviltjakt på Røldal SA gjeldande fom 2018:

Årskort:	1 500,-
Vekekort:	800,-
3 døgn:	500,-
2 døgn:	400,-
Døgnkort:	220,-

Prisane er like for alle

Vedtaka er gjort i medhald av Fjelleva § 23 og 25. Fjellstyret tek atterhald om at kommunen godkjenner vedtaket.

Referat:

Orientering ved sekretær og leiar.

Torleif Fresvik: føreslår og oppretthalde prisane der innanbygds har halv pris og utsette jaktstarten til 1. oktober.

Kort ordskifte om prisar. Det kjem fram at prisane vart endra for få år sidan og det er semje om å ikkje endre prisane.

Dei andre representantane er einige i framlegget frå leiar.

Vedtak:

Røldal SA opnar for rjupejakt og anna småviltjakt på Røldal SA fom 1oktober 2018. Røldal SA vedtek desse reglane for slik jakt:

- 1 Småviltjakt er tillete i tida 1oktober tom 28 februar med fråtrekk av lovbestemte jaktfrie dagar. Småviltjakt er tillete mot løysing av jaktkort.
- 2 Jaktkortet er personleg og kan ikkje overdragast til andre.
- 3 Jeger skal alltid ha gyldig jaktkort, jegeravgiftskort, våpenkort og andre pålagde dokument. Dokument skal framvisast for kontroll når oppsynet krev det.
- 4 Hund er ikkje tillete under småviltjakt på Røldal SA.

Dersom ein får ein svært sein vår med tilnærma nullproduksjon vil fjellstyret ta saka opp til ny handsaming.

Røldal Fjellstyre vidarefører prisar for Småviltjakt på Røldal SA der innanbygds har halv pris:

	Utanbygds	Innanbygds
Årskort:	1200,-	600,-
Vekekort:	600,-	300,-
3 døgn:	400,-	200,-
2 døgn:	300,-	150,-
Døgnkort:	190,-	95,-

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no

Vedtaka er gjort i medhald av Fjellova § 23 og 25. Fjellstyret tek atterhald om at kommunen godkjenner vedtaket.

Samrøystes

Sak 45/17: Ulevåbotn – endring av status og organisering for framtida

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Støylen i Ulevåbotn har no formelt fått status som fjellstyrehytte. Den er utleigd ut 2018 etter dei gamle reglane for støylsbruk.

Fjellstyret må ta stilling til kva som skal skje med denne plassen no når status har endra seg. Moment som må gåast gjennom.

1. vedlikehald, opprusting- status og tiltak
2. system for utlån/utleige i framtida

Punkt 1:

Bygningsmassa i Ulevåbotn har trong for oppussing og utbetring. Det vil vere føremålsteneleg at fjellstyret oppnemnde to representantar som tek ansvar for å gjennomføre ei befaring og kjem attende til fjellstyret med forslag til utbetringar. Dette bør gjennomførast ila sommaren 2018.

Punkt 2:

Framtidig organisering av utleige av denne hytta kan organiserast på fleire måtar. Ein kan nytte same system som dei andre hyttene eller ein kan tenke seg eit meir komersialisert system. Ulvik Fjellstyre har td fleire fjellbuer som vert administrert om lag som fjellhyttenen til Røldal. I tillegg har dei ei hytte som er lett tilgjengeleg på Finse. Denne vert utleigd på Inatur og er ei viktig inntektskjelde for fjellstyret. Det er gode erfaringar med dette hjå Ulvik fjellstyre. For Røldal FS sin del er det truleg ikkje stort trykk frå innanbygdsbuande for å bruke ei slik hytte rett ved veg og ein kan sjå for seg at det kan vere ei grei inntekt dersom ein vel å leige ut hytta på Inatur.

Sakshandsamar legg opp til at fjellstyret allereie no kan diskutere framtidig bruk av hytta, men at ein kan kome tilbake til nærmare utleigeordning på eit seinare tidspunkt.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering ved leiar.

Kort ordskifte.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Framlegg frå leiar om å utsette saka til ein har innhenta meir informasjon om statusen til bygget. Dette gjeld alder, evt vernestatus og informasjon frå noverande leigetakar om tilstand på bygget.

Styret samlar seg om dette forslaget.

Vedtak:

Styret utset saka og leiar får ansvar for å hente inn informasjon om tilstanden til bygget sendt inn av noverande leigetakar. Sekretær sjekkar opp i kva som er registrert om bygget hjå statskog og kommunen.

Samrøystes

Sak 46/17: Planlegging av aktivitet vinteren 2018**Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing:

Fjellstyret bør lage ein plan og fordele oppgåver for arbeid som skal utførast vinteren 2018.

1. Innkjøp og transport av ved
2. evt vedlikehald
3. innkjøp av materiell og utstyr, transportar
4. løyver til transport
5. andre ting

Fjellstyret diskuterar og fordelar oppgåver og ansvar.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

1. det er bra med ved på hyttene, men fjelloppsynet sjekkar lager av ved og propan og sender til leiar på nyåret. Leiar får ansvar for å kjøpe inn og ordne transport av ved i tråd med tidlegare praksis.
2. Det har vore diskutert å skifte golv i Eriksbu, men dette må ein kome tilbake til. Ikkje kjent med andre vedlikehaldsbehov no.
Det bør og sjekkast ut kva som skal til for å skifte ut alle lyspunkt med LED, det er og trong for fleire ladepunkt på Eriksbu. Fjelloppsynet sjekkar over kva som skal til og kjem attende til fjellstyret med dette.
3. det er innkjøpt mykje nytt utsyr og ein er ikkje kjend med at det er behov for meir. Håkon sender inn liste over manglar/tiltak på Gamlabue.
4. løyver er omsøkt for heile valperioden og er i orden.
5. ingen

Styret samlar seg om ovanfor nemde punkt etter kort ordskifte.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no

**Vedtak:**

Styret tek orienteringa til vitande og organiserar arbeidet som omtala i referatet.

Samrøystes

Sak 47/17: Sak vedr udemokratiske avgjerder i Røldal FS**Saksdokument:**

Brev frå Ove Lynghamar m fl (sendt ut tidlegare)

Saksutgreiing:

Røldal FS har gjort fleire vedtak i denne saka og no seist i sak 40/17 der ein bad om dokumentasjon på kva som har vore udemokratiske avgjerder i Røldal FS.

Ove Lynghamar m fl fekk frist til 15 november med å dokumentere påstandane om udemokratiske avgjerder i Røldal FS den seiste tida. Svaret kom til fjellstyret den 14 november og er sendt ut til styremedlemene.

I brevet vert det fyrst vist til at dei hevdar å ha klagerett på eit vedtak som vart gjort om samjakt tilbake i tid. Sakshandsamar vurderar det slik at ein no må sjå saka om samjakt som avslutta. Direktoratet har endeleg fastslege at det ikkje er klagerett på slike vedtak og at fjellstyret sitt fleirtalsvedtak gjeld. Denne saka bør no sjåast som avslutta.

Vidare i brevet kjem det fram ulike påstandar om ting som skal ha skjedd mellom leiar og andre. Sakshandsamar kan likevel ikkje sjå at det er dokumentert at Røldal Fjellstyre har teke avgjerder som er udemokratiske. Røldal Fjellstyre har gjort fleirtalsvedtak i sakene som har vore oppe til handsaming og i dei aller fleste sakene er det gjort samrøystes vedtak. At nokon kan vere ueinige i resultatet av vedtaka er ikkje det same som at vedtaka er udemokratiske.

Til slutt i brevet er det peika på at det er ynskeleg med god dialog og at fjellstyret skal fylgje lovar og reglar. Slik sakshandsamar har oppfatta fjellstyret er dette heilt i tråd med det fjellstyremedlemene også ynskjer.

Sakshandsamar vil tilrå at ein no legg diskusjonen i denne saka ned for godt og at ein konsentrerar seg om å drive fjellstyret vidare etter gjeldande regelverk. Fjellstyret bør no få arbeide vidare og endeleg kunne leggje bak seg dei ueinigheitene som har vore.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Leiar les opp saksutgreiing.

Torleif Fresvik: Har vore ein trasig haust i høve avisoppslag om manglande demokratiske avgjerder i Røldal Fjellstyre. Leiar kommenterer vidare påstandar i seiste brev og opplyser at han hadde kontakt med ein av underskrivarane, men elles bevisst har halde seg unna dette.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Har heller ikkje vorte kontakta av andre. Meiner all denne støyen kunne vore unngått. Leiar seier og at han to gonger har kommentert ovanfor Helleik Rabbe at han meiner det er han som har hatt interesser av at saka er halde i gang. Elles meiner Fresvik at fjellstyret har følg gjeldande reglar – og på tross av at det har kome signal om at styret må forvalte etter interesser i bygda framfor lovar og reglar. Vidare kan han ikkje sjå at han har pressa folk til å slutte i fjellstyret. Meiner ein no bør legge dette bak oss og kome vidare. Viser til møtet med kommunen der det var brei semje om å sjå framover.

Randi Legård: det vart bestemt å starte på nytt etter møtet i kommunen. Likar ikkje at det vert framsett skuldingar mot kvarandre i møte. Dette gjeld begge vegar og då fyrst og fremst mellom Helleik og leiar.

Torleif Fresvik: det har aldri stått at brevskrivarane ynskjer møte. Vil føreslå eit reint informasjonsmøte for alle interesserte.

Lars O. Seim: føreslår at det vert kalla inn til eit møte med O. Lynghamar og 2-3 av dei andre brevskrivarane. Møtet bør vere med heile fjellstyret, også vara. Ein bør no kome til botnars i dette ein gong for alle. Saka har 30 års historie og starta med utleige om jakt i Vivassdalen. Meiner alt kan sporast tilbake til dette.

Ynskjer vidare møte med brevskrivarane for å få ei avslutning og finne ut kva som er gale og feil. Dette er ein verkebyll og no må dette ta slutt.

Torleif Fresvik: i 1990 var det ei klage på eit vedtak der nokre i fjellstyret ikkje var habile. Denne klaga fekk medhald, men fjellstyret gjorde nytt vedtak med habile medlemer og utfallet vart det same. Syns det er rart at ein ikkje kan vere ueinige i sak utan å vere personlege og dra dette med seg i mange år. Hans syn i saka er vel kjent for alle. Vert feil å ha møte med nokon som ikkje representerar H. Rabbe dersom det er dette saka eigentleg handlar om. Meinar dette ikkje har noko med fjellstyredrift å gjere, men utanforliggjande personlege ting.

Lars O. Seim: mykje av saka handlar om samjakt. Meiner spørjeundersøkinga stadfestar at dei fleste aksepterar samjakt i noverande form. Fjellstyret bør lytte til jegarane.

Håkon Småbrekke: kan sporast tilbake til samjaksavtale. Randi Legård var ikkje til stades på møtet og det vart derfor fleirtal for leiar sitt framlegg. Leiar ville etterpå ikkje ta opp att saka og gjere om vedtaket. Møtet med kommunen skulle gje ein ny start. Meiner leiar etterpå har svara på ein dårleg måte innad i styret.

Torleif Fresvik: samjakt er ikkje eit enkeltvedtak. Dette er no stadfesta. Kan ikkje påklagast.

Håkon Småbrekke: det fyrste brevet vart stila til kvart medlem i fjellstyret. Det vart kalla eit opprop og avvist av leiar. Meiner leiar har hatt ein mykje betre føresetnad for å nytte lovverket sidan dette er noko han kan. Har derfor fått gjennom mykje av sine meiningar.

Støttar Lars O. Seim sine forslag.

Lars O. Seim: skjønar at denne saka har vore belastande for leiar. Meiner at ein nettopp derfor bør ha eit møte der ein kan få lufta ut skikkeleg.

Torleif Fresvik: undersøkinga som er utført kan vere farga av at dei som ikkje ville ha kort likevel fekk ho. Utgangspunktet for denne saka var udemokratiske avgjerder i fjellstyret – no handlar det om 30 år gamle ting som ikkje har noko med fjellstyredrifta å gjere. Meiner han ikkje har lagt seg opp i andre ting etter 1990.

Håkon Småbrekke: undersøkinga er laga av eksterne. Kan ikkje seie at undersøkinga er farga.

Torleif Fresvik: meiner undersøkinga kan vere farga ettersom nokon har fått den og ikkje andre.

Håkon Småbrekke: meiner leiar peikar på at Lars O. Seim og Håkon Småbrekke nærer opp omkring konflikta. Meiner leiar er like flink til å halde denne gåande.



Randi Legård: høyrer at saka i alle fall ikkje er lagt død etter møtet med kommunen. Likar ikkje det ho høyrer og er ikkje glad i konflikhtar. Meiner ein bør ha møte med brevskrivarane for å få lagt saka død.

Torleif Fresvik: forandrar ikkje meining uansett talet på møter og kan ikkje sjå hensikten med møte. Ser at det er fleirtal for å ha eit slikt møte, men ser ikkje kva som skal kome fram som ikkje allereie er diskutert.

Randi Legård: dersom eit møte kan vere med på å skape ro, er det verdt det. Det er sjølvsagt ikkje meininga at nokon skal endre meining i saka, men å diskutere dette i ro og mak kan gjere ende på diskusjonen for godt.

Torleif Fresvik: dersom det vert møte bør det vere skriftlege tema slik at alle kan førebu seg.

Lars O. Seim: oppfatta brevet som ei støtte til H. Rabbe. Må vere noko med denne gamle saka som gjer at det vert konflikhtar. Meiner dette og handlar om kraftutbygging og grensa for villreinens leveområde. Dette er og konflikhtar der leiar og H. Rabbe har vore på kvar si side. Dette heng med i dagens konflikt.

Torleif Fresvik: gjentek at det må vere lov å vere ueinige i sak utan at det skal verte personleg. Dette har ikkje tyding for fjellstyredrifta. Presiserar at han aldri har vore mot samjakt, berre måten den vert gjennomført på. Det finst mange ulike løysingar på dette. Vederlag er eit stikkord.

Styret avsluttar diskusjonen og framlegget til Lars O. Seim står att som det einaste konkrete forslaget: «Det skal kallast inn til møte mellom Ove Lynghamar og 3 representantar frå dei andre som underteikna brevet. Dei vel sjølve desse. Møtet skal vere mellom desse 4 og heile fjellstyret med vara»

Sekretær føreslår møtedato 15 januar. Sekretær føreslår at det vert henta inn moment frå både sider slik at det kan utarbeidast ei kort liste med diskusjonspunkt for møtet. Styret er einige i dette.

Vedtak:

Røldal FS kallar inn Ove Lynghamar og tre representantar for dei underskrivne til møte den 15 januar. Møtet skal vere mellom desse og fjellstyremedlemer med vara. Møtet skal ikkje vere ope for andre for å få ro rundt møtet og sidan det for ein stor del vert diskutert på personnivå. Sekretær utarbeider momentliste som skal vere grunnlag for møtet.

Samrøystes

Sak 48/17: Eventuelt

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Referat:

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Sekretær orienterar om saker som var til handsaming under haustmøtet i Eidfjord.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.